

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

2012



ROGALAND BONDELAG



TA DET RETTE VALGET!

- 2% etableringsrabatt i 2 år
- Webrabatt ved handel på www.fkra.no – lett som bare det!
- Ta del i fordelene med “Min side” på www.fkra.no
- Kvantumsrabatt for kraftfôr i bulk, småsekk og storsekk
- Kvantumsrabatt for gjødsel
- Bestillingsrabatt pr. ordre
- Årskvantumsrabatt
- Årlig bonusutbetaling ved overskudd
- Gratis abonnement på Bondevennen i 1 år til nye brukere
- Gratis råd og veiledning fra våre konsulenter

Betingelsene gjelder ved kjøp av tonnvarer



Felleskjøpet Rogaland Agder

www.fkra.no

Innhald

Årsmøtet – 2012	3
Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2012.....	9
Næringspolitiske saker.....	10
Organisasjonssaker.....	31
Andre saker.....	36
Arbeidet i utvala.....	38
Leiarane i lokallaga.....	44
Rekneskapen 2012	45
Medlemsoversikt	46



*Framsidedeilde:
Klar beskjed frå Gette Eidesen.*



Frå styret:

Eit levande landbruk

Arbeidet i Rogaland Bondelag grip om svært mykje – kanskje litt for mykje av og til, men me prøver og ta nokre val. Me har avgrensa med både menneskelege og økonomiske ressursar. Med mange aktive medlemmer og lag og gjennom dykkar mange innspel, er det både givande og interessant å sitja i styret til Rogaland Bondelag.

Medlemsutviklinga i Rogaland Bondelag har til liks med resten av landet, synt ein nedgang siste år. Ved årsskifte var medlemstalet 6 378 medlemmer. Under verveaksjonen, ”tørre og spørre” i haust fekk me 106 nye medlemmer. Det er flott. Ved at lokallaga har vald ein verveansvarleg, har me grunn til å tru at medlemstalet vil auke framover.

Det siste året har vore eit interessant og innhaldsrikt år. Den 12. april 2012 vart den nya landbruks- og matmeldinga, ”Velkommen til bords”, behandla i Stortinget. Med eit hovudmål i meldinga om auka matproduksjon i takt med befolkningsveksten med grunnlag i norske ressursar som beite og grovfôr, samt at inntektspolitikken som hadde blitt ført frå 2005 skulle vidareutviklast, hadde me store forventningar til Staten sitt tilbod i jordbruksforhandlingane.

Me vart difor svært skuffa når Staten la fram sitt tilbod den 9. mai. Me kjende oss ikkje att i dei lovnadane som vart gitt i den nye landbruks- og matmeldinga. Eit brot i forhandlingane var ikkje til å unngå. Nå skulle det aksjonerast. Raskast ut var lokallaga i Dalane, med stenging av E – 39 og utdeling av flygeblad. Vidare var det store demonstrasjonstog med appell både i Stavanger og i Aksdal. Ein del lokallag tok initiativ til eigne lokale markeringar. Kreativiteten var stor. Me fekk stor omtale i media, både nasjonalt med stenging av E – 39 i Dalane, regionalt og lokalt. Aksjonen med å fjerna brød frå brødhyllene vart svært vellukka. Me huskar avisoppslag med tome brødhyller. Takk skal det ha for den innsatsen de gjorde i nokre

hektiske dagar i mai. Me fekk fram vår bodskap gjennom media på ein positiv måte.

Ei styrking av importvernet har vore Bondelaget si viktigaste sak denne hausten. Rogaland Bondelag hadde møte med både LO Rogaland og NHO Rogaland vedkommande denne saka. Me har sendt ein felles uttale til Regjeringa og stortingsbenken frå Rogaland, der me påpeika viktigeita av å utnytta handlingsromet i importvernet for å sikra viktige arbeidsplassar og verdiskaping i landbruk og i matindustrien i matfylket Rogaland. I Statsbudsjettet fekk med gjennomslag for prosenttoll på faste ostar og enkelte kjøttslag. Dette var heilt nødvendig for å kunna bruka pris som virkemiddel.

Rogaland Sau og Geit og Rogaland Bondelag har fått i stad ein god dialog med Fylkesmannen på viltforvaltning. Det er nå blitt etablert eit skadefellingslag i fylket og dette laget har fått løyve til å skadefella ein jerv med ID-nr 240 i Suldal og Hjelmeland kommunar. Denne jervhannen har med sikkerheit hatt tilhald i dette fjellområdet sidan 2007.

Rogaland Bondelag har hatt eit ynskje om å få fram den verdiskapinga som kjem frå tradisjonelt jordbruk og anna næringsaktivitet med utgangspunkt i ressursar frå landbrukseigedommen. NILF har i 2012 gjennomført verdiskapingsutrekningar for landbruket i Rogaland basert på data frå 2010. Den totale verdiskapinga er berekna til 1,8 mrd. kroner. Av den totale verdiskapinga kjem 52% frå mjølkeproduksjon, 13% frå sauehald og 12% frå svinehald. Sysselsettinga i jordbruket er berekna til 6503 årsverk.

2013 er valår. Sjeldan eller aldri har skilnaden vore større mellom dei ulike partia i landbrukspolitikken. Bondelaget er ein partipolitisk nøytral organisasjon, men Bondelaget skal ha tydelege meiningar om den landbrukspolitikken



partia ynskjer å føra. Fylkeslaget vil vera med å jobba for å synleggjera den landbrukspolitikken partia går til val på. Så får folk avgjera kven dei vil stemma på.

Det å vera bonde er eit meningsfullt arbeid. Det å få oppleva at det tek til å bli grønt i naturen etter ein lang vinter, og at det kjem nytt liv til verda i fjøset, er ein fantastisk oppleving. Me er privilegerte som får ha dette yrke. Så må me saman jobba for at vilkåra skal best moglege. Det er når me dreg i lag, me kjem lengst.

Rogaland Bondelag vil takka kvart enkelt medlem, lokallag og andre for eit godt samarbeid gjennom året som er lagt bak oss. Ein særskild takk til alle som gjorde ein ekstra innsats i samband med aksjonane etter brotet i jordbruksforhandlingane.

*Stavanger den 31. januar 2013
Ola Andreas Byrkjidal*

Årsmøtet 2012 – Rogaland Bondelag

Årsmøtet vart halde på
Quality Hotel Residenc i
Sandnes 9. og 10. mars 2012.
Møteleiar var Arna Høyland,
Nærbø.

Korrigerering av deltakarliste

Alle deltakarane vart registrert og ved møtet start var det 81 utsendingar frå 35 lokallag, 6 frå styret, 3 medlemmar av årsmøtet i Norges Bondelag, to frå Rogaland Bygdekvinneleg, to frå Rogaland bygdeungdomslag og to medlemmar av styret og representantskapet i Norges Bondelag, totalt 98 røysteføre. Frå Norges Bondelag deltok styreleiar Nils T Bjørke. I tillegg var det fleire gjester.

Godkjenning av innkalling og sakliste

Fylkesleiar Arnstein Gilje ønska utsendingar, æresmedlemmer og gjester velkommen og gav ordet til møteleiaren. Arna Høyland refererte innkalling og sakliste, og det var ingen merknader. Møteleiar erklærte møtet for lovleg sett og gjorde møtet ope for pressa, med høve til å lukka møtet dersom saker skulle tilseia det. Til å skriva under møteboka vart følgjande valde: Torgeir Kinn, Stavanger Bondelag og Inga Skretting, Forsand Bondelag

Leiars tale:

I talen frå Arnstein Gilje var tema blant anna følgjande:

- Bodstikkefastetten. Gode oppslag i media og god deltaking på samlinga i Oslo der bodstikker frå heile landet vart overlevert stortingspresidenten.
- Arbeidsplanen, førande for arbeidet i fylkeslaget
- Reaksjonar på fjorårets jordbruksoppgjer, utmeldingar og anna. Ønskje om innspel til jordbruksforhandlingane.
- Kompetanseheving i landbruket og arbeidet med trainee i landbruket.
- Regionplan landbruk, vedtak i fylkestinget juni 2011. Viktig reiskap for arbeidet innan rammevilkår i landbruket.
- Revidering av fylkesdelplan ” Areal-



Bente Gro M. Slettebø på årsmøtet i Norges Bondelag.

og byutvikling på Jæren”, kritisk til Ryfast ut frå konsekvens på jordvern i Strand.

- Høyre si jordvernpolitikk, spent på politisk handling i revidering av Areal- og byutvikling på Jæren.
- Jordvernsaken, brennaktuell. Styrka kompetanse i fylkeslaget ved å leige inn Odd Arild Kvaløy.
- Revidering av gjødselsforskriftene, innføring av vassdirektivet kan få konsekvenser for landbruket i fylket.
- LHMS, ingen ulukker på min gard.
- Framlagt mat- og landbruksmelding. Auka i matproduksjonen i takt med befolkningsauken. Må følgje med slik at det ikkje vert innført nye minussoner i fylket.
- 2012, FN´s internasjonale samvirkeår. Landbrukssamvirket viktig for gjennomføring av landbrukspolitikken: *Å sikre bonden hans rettmessige del av verdiskapinga. Vi må ikkje falle i den fellen å tro at andre enn oss sjølv vil passe på våre interesser!*

På grunnlag av leiarens tale vart det opna for debatt. Følgjande hadde ordet i debatten: Nils M. Melby, Arnstein Røyneberg, Gabriel Joa, Jofrid T Mjåtveit, Anfinn Rosnes, Svein Martin Håland, Willy Finnbakk, Askild Eggebø, Per Bergøy, Ove Aanestad, Jan Tore Refve, Gunn Marit Svihus, Arne A Berge, Bente Gro Slettebø, Ole Andreas Aasland, Ola Eikeland, Ola Andreas Byrkjedal og Svein Roald Tengedal.

Nokre punkt frå debatten:

- Jordvernarbeidet vil vera viktig framover
- Ryfast kan vera med og lette trykket på jordvernet i Stavangerregionen.
- Marknadsordninga er under press.
- Vi må forlanga nok og godt nok korn til vår region.
- Storfe produksjonen må aukast, underdekning på 8.300 tonn i år. Det må innførast eit nasjonalt kvalitetstillegg på slakt over 250 kg frå klass O.
- Tollvern er viktig for mjølkeproduksjonen.

- Vi må vera med i dei landbrukspolitiske debattane., Rogaland treng landet og landet treng Rogaland.
- Samvirke si rolle må styrkjast.
- Slå eit slag for heiltidsbonden, investeringsstøtta må aukast til næringa.
- Naturmangfaldet. Svarthalespova bandlegg store areal, 30 da pr hekkande par. Må får statsråd Solheim i tale.
- Rogaland må vera med i utviklinga i landbruket. Kan vera i 0 sona, men ikkje tas ned. Har ingen pengar å gje vekk.
- Utbygging av biogass, ikkje bruk pengar frå jordbruksforhandlingane.
- Rekruttering - Vi må i landbruket vera positive, men realistiske.
- Inforutvalet: Utarbeid målsettingar og tiltaksplan for arbeidet.
- Kontingentberekning for samdrifter: Lokallaga i Hå har sendt sak til Norges Bondelag sitt årsmøte om utfordringane med kontingent til samdrifter.
- Kompetanse, må få trykk på utdanning innan: Driftsleiing og personalansvar. Jobb - bonde - jobb, for tidligare rekruttering. Høgskulen må nyttast av bonden i fylket.

Fylkesleiar Arnstein Gilje oppsummerte og takka for gode diskusjonar.

Møteleiar takka for godt engasjement, og gjekk vidare på sakslista.

Sak 1. Årsmelding for 2011

Nestleiar i fylkeslaget Per Inge Egeland gjekk gjennom årsmeldinga, og kommenterte enkelte punkt. Det var ingen

kommentar / spørsmål til årsmeldinga. Årsmeldinga for 2011 godkjent.

Sak 2. Rekneskapen for 2011.

Org. sjef Olav Sande gjekk gjennom rekneskapen. Det var ingen kommentar / spørsmål til rekneskapen. Rekneskapen for 2011 godkjent.

Sak3. Innkomne saker.

Frå Bjerkreim Bondelag var følgjande sak innkomen:

”Bjerkreim Bondelag er sterkt uroa over fylgjene av dagens landbrukspolitikk som har ført til:

- Nedlegging av bruk (talet på mjølkebruk er halvert på ti år).
- Ein dramatisk underdekning av norskprodusert storfekjøtt
- Ein betydeleg reduksjon av norske arealar i bruk til matproduksjon, både fulldyrka og beite.
- Sentralisering av produksjon basert på betydeleg auke av importert soya-protein i kraftføret vårt.
- Kraftig auke i transport av fôr og husdyrgjødsel over lange avstandar.
- Dårleg økonomi og auka gjeldsvekst for norske bønder.
- Sviktande rekruttering til næringa.

Dette er resultatet av ein ønska politikk, ikkje på trass av politikken

Norges Bondelag er i høgste grad medansvarleg som har godteke utvik-

linga ved å signera Jordbruksavtalane år etter år.

Utfordringane framover er sjølvforsyning og matsikkerhet for ein aukande befolkning, både i Norge og verda.

FN har bede alle land om å ta større ansvar for eigen matproduksjon, dvs at matproduksjonen må aukast basert på dei ressursane som kvart enkelt land har.

Norge treng ein landbrukspolitikk som sikrar at norske areal; dyrka, dyrkbar og beite, vert teke vare på - og nytta til matproduksjon. Me treng å auka kunnskapen om å dyrka jord og produsera mat. Me treng at gardane vert drive i samsvar med bruket sitt ressursgrunnlag. Og at dette går ann å leva av.

På årsmøte i Bjerkreim Bondelag, oktober 2011, vart det teke opp at medlemmane ikkje kjenner seg att i organisasjonen. Ein føler at sentralledet velsignar landbrukspolitikken som har ført til store negative endringar for landbruket.

Bjerkreim Bondelag ynskjer at organisasjonen skal respektera kvardagen til medlemmane, og setja den høgare enn ynskjet om å få til jordbruksavtalen for ein kvar pris.

Me tykkjer det no er på høg tid at sentralledet vert tydelegare overfor politikarane. No må ting skje snart, før det er for seint. Me treng ein organisasjon som viser litt ”tenner”. Me ynskjer meir vilje til kamp.

Resolusjonskomiteen i arbeid.



Bjerkreim Bondelag ber fylkesårsmøte om å senda ei oppfordring til sentralledet om dette. Det skuldar me medlemmane våre.”

Styret i Rogaland Bondelag hadde følgjande tilråding for vedtak i årsmøtet:

Styret i vil tilrå årsmøtet i Rogaland Bondelag at uttalen frå Bjerkreim Bondelag vert nytta som grunnlagsdokument i utarbeiding av resolusjon frå årsmøtet. Ein resolusjon frå årsmøtet bør har ein ekstern mottakar.

Årsmøtet sitt vedtak var likt styret si tilråding.

Oppnemning av resolusjonskomité

Følgjande vart vald av årsmøtet:

Kåre Søyland, Gjesdal Bondelag. Leiar
Anne Skasheim Bore Bondelag
Andreas Lundegård, Vats Bondelag
Svein Roald Tengedal Bjerkreim Bondelag,
Lisa Breiland, styret i Rogaland Bondelag
Marianne Osmundsen, kontoret – sekretær.

Leiar i Norges Bondelag Nils T. Bjørke hadde innlegg på tema:

”Velkommen til bords”

– gjer det nokon forskjell?

Følgjande tema vart tatt opp i hans innlegg:

- **Landbruksmeldinga, Næringskomiteen legg fram si innstilling 27. mars. Bondelaget har spelt inn blant anna følgjande**
 - Auke i matproduksjonen på line med befolkningsauken
 - Redusera inntektsforskjellane
 - Lønnsam produksjon
 - Investeringsfond
 - Fondsavsetjing med skattefordel
 - Jordvern, må få eit sterkare vern, må ha 1,8 da pr innbyggjar
 - Importvernet må nyttast aktivt for å verne om norsk produksjon
 - Storfeproduksjonen må hevjust, betre økonomi.
 - Samvirkebasert marknadsregulering.
- **Matkjedemakt**
 - Konsentrasjon av makt, eigne engroslager.
 - Kontrollere varestraumen
- **Jordbruksoppgeret**
 - Fleire veivalg, til dømes grøftetilskot – red. i kulturlandskapstilskot?
 - Produktiviteten i korn - og grasproduksjonen må hevjust.
 - Budsjettmemnda – beskriv inntektsutvikling, ikkje rett inntekt.

• **Politikarkontakt**

- Mykje godt arbeid gjort.

• **Må gjerast grep for å auke storfeproduksjonen**

- Kr 1500,- pr okseslakt utgjer årleg kr 250 mill

• **LHMS – trygg arbeidsplass – omdømme i samfunnet rundt oss.**

• **Medlemsverving – politikarane forstår medlemsvekst.**

Etter leiar i Norges Bondelag Nils T Bjørke sitt innlegg hadde følgjande ordet:

Arnstein Gilje, Sigmund Svendsen, Rasmus Tore Stople, Arne A Berge, Gabriel Joa. Arnstein Røyneberg, Gunn Marit Svihus, Askild Eggebø, Bente Gro Slettebø, Olav Røysland, Inga Steinsland, Bjarne Undheim.

Nokre punkt frå debatten:

- Grøftetilskot må ikkje finansierast med reduksjon av andre tilskotsordningar, må heller få opp inntekta i landbruket.
- Medlemskort til Bondelaget sine medlemmar, fordelskort.
- Må få eit løft i storfeproduksjonen
- Investeringsmidlar, det kan vera med på å pressa prisane ned på våre produkt.
- Kor store driftseiningar vil ein ha
- Vi må få innført investeringsfond, enkeltmannsføretak må få same ordning som a/s.
- Mykje godt i landbruksmeldinga, kan vere med og sikre rekruttering dersom den vert følgt opp.
- NILF la fram tal på inntekt innan landbruksdrift: Alle regionar i landet hadde vekst, unntatt Jæren og Trøndelag. Jæren var einaste region som hadde nedgang i inntekt. Mjølkk og kjøtproduksjon må vera lønsamt, distrikta må få eit inntektsløft utan at Jæren vert redusert.
- Korn må betalast etter kvalitet
- To utfordrande år, lite grovfôr / lågare kvalitet på grovfôr kan ikkje alltid tas ut med høgare målpris.
- Kva gjer Norges Bondelag om det vert eit minustilbod?
- Landbruksmeldinga: er ein bestilling til til landbruket. Vi må få fram kostnadane med å levera det landbruksmeldinga ønskjer.
- Aktive bønder må prioriterast i jordbruksoppgera.
- Produksjonsrettar – det er feil å betala for dette, både innan landbruk og fiskeri.
- Ønskjer naboar, ikkje store bruk
- Pass på at Bondelaget ikkje kjem i ein gisselsituasjon i året jordbruksoppger.

- Jordvern, forpliktande samarbeid mellom kommunane.
- Jordvern – ved omdisponering, krav om å dyrke opp nytt land
- Omfordeling – pass på Jæren.
- Inntekta må opp, informera om arbeidstid og inntekt.

Nils T Bjørke takka for mange og gode innlegg/synspunkt frå årsmøte utsendingane. Han kommenterte fleire av innlegga og gav fleire utfylland kommentarar på nokre tema.

Temaforedrag:

Korleis forhindre brann i landbruket?

Branninspektørane Kåre Idland og Lisa Peterson frå Brannvesenet sør Rogaland IKS hadde innlegg på korleis forhindre brann, moglege brannkjelder, og viste døme på brannar i landbruket. Det er spesielt i griseproduksjonen at brannbelastninga er høg, med varme-pærer og støv i ventilasjonsanlegg. Det var tre tiltak som var viktige for å hindre brann / brannutvikling: Tette forluka, tett trappegang og kontroll av varme-pærer i smågrisprod. Representantane inviterte seg sjølv ut til lokallaga for å motivere til brannvern på gardsbruka og medlemmane i bondelaget.

Det Brenn! Eigne erfaringar.

Magnus Finnbakk frå Time var invitert til årsmøtet for å fortelja om eigne erfaringar etter at grisehuset brann. Når brannen er, og spesielt etterpå er det svært mange inntrykk og fordøya. Mange ulike etatar og vesen skal ha forklaringar, og det kan vera nødvendig med hjelp for å klara alt det. For Magnus var det ein stor fordel at LHMS og KSL var i orden og kunne dokumenterast. Det gjorde arbeidet opp mot politi og andre mykje enklare, det var tydelige signal at dokumentasjon på tiltak og rutinar var viktig.

Lukka møte

Årsmøtet vart lukka, det er årsmøtedelegatane og tilsette å kontoret som har høve til å delta på eit lukka møte.

Nils T Bjørke orienterte ut frå Norges Bondelag sine foreløpige planar om aksjonar i tilfelle brot i forhandlingane. Styret i NB skulle ta saka opp til behandling i marsmøtet.

Aksjonen kan delast i tre fasar:

Om det vert brot i forhandlingane er det viktig at bøndene reagerer med sinne og skuffelse. Kampen i media vert hard og det er viktig for Bondelaget å få ut sin versjon av årsaken til brot.



Frå aksjonen på torjå i Stavanger.

Fase 1: Lokallaga og fylkeslaga reagerer når melding om brot ver informert ut. Det vert oppmoda til kreative aksjonar som gjer at media kan verta interessert i saka, og vi får ein talarstol.

Fase 2. Nasjonal samordna aksjon. Styret i NB legg utarbeide planar i sitt marsmøte. Viktig med aksjonar som syne omfanget av norsk matproduksjon. Kampen om media vert hard, heile statsapparatet er mot oss.

Fase 3: Samling i Oslo. Stort oppmøte av bønder frå heile landet med klar beskjed til regjeringa: dette finn vi oss ikkje i. Fylkeslaga organisere reise til Oslo.

Fylkesleiar Arnstein Gilje orienterte om planar som fylkeslaget har tenkt på i tilfelle brot i forhandlingane. Det vert planlagd aksjonar i Stavanger.

I ordskiftet etter innlegga kom det fram synspunkt som fylkeslaget vil ta med seg i det vidare arbeidet i si planlegging.

Vanskeleg å ha aksjonar som ikkje rame tredjeperson på ein eller annan måte.

Slutt første dag

Middag om kvelden.

Under middagen vart Fogn Bondelag utnemnd til årets lokallag i Rogaland. Prisen er ei møtekubbe og eit penge-

beløp på kr 5000,-. Det var leiaren i verveutvalet May Ann Levik som delte ut prisen. Fogn Bondelag vert nominert til årets lokallag nasjonalt, den prisen vert delt ut på Norges Bondelag sitt årsmøte. Avgått leiar Ole Johan Vierdal vart vald til ordførar i Vindafjord etter valet i haust og gjekk dermed av som fylkesleiar. Han vart av Arnstein Gilje takka av med statue av vipe og blomar. Rogaland Bygdekvinnelag ved leiar Liv H Svendsen takka fylkeslaget for godt samarbeid.

Dag 2.

Leiar i resolusjonskomiteen Kåre Søyland la fram forslag til resolusjonar:

Ein resolusjon på bakgrunn av innkomen sak frå Bjerkreim Bondelag.

Leiar i Bore Bondelag fremja forslag om ein resolusjon som gjekk på bandlegging av areal på bakgrunn av hekkande par av Svarthalespuva.

Forslag til resolusjonar vart lagt fram. Etter forslag frå ordstyrar vart endeleg behandling utsett til etter valet.

Ein gjekk vidare på saklista.

Sak 3 Budsjett for 2012

Org. sjef Olav Sande la fram styret sitt forslag til budsjett. Vedtak: Forslag til budsjett godkjent.

Sak 4. Arbeidsplan for 2012 – 2013

Styremedlem Gette Eidesen la fram styret sitt forslag til arbeidsplan. Det var ingen kommentar til forslaget. Vedtak: Forslag til Arbeidsplan for 2012 – 2013 godkjent.

Ordstyrar gav årsmøtet høve til å fortsetja diskusjonen frå dagen før.

Følgjande hadde ordet: Bente Gro Slettebø, Nikolai Valheim, Arnstein Gilje, Bjarne Undheim, Trond Joa, Inga Steinsland, Kåre Søyland, Svein Martin Håland, Svein Roald Tengedal.

Tema som var oppe i ordskifte:

- Info utvalet må utarbeida målsettingar for sitt arbeid.
- Odelsloven, bør gjerast endringar, er med og hindre utvikling.
- Positiv framtid for bondeyrket må kommuniserast ut.
- Kva er mogleg å få til i jordbruksforhandlingane, korleis utarbeide kravet. Bør kanskje fokusere meir på tetting av inntektsforskjellar.
- Nei til endring av odelslova, det er ein lov godt forankra i grunnlova.

Bjarne Undheim informerte om Agrol, medlemstilbod og bruk av Agri-card som betalingskort / fordelskort. Medlemskap i Agrol gjeld for medlem-

mar og tilsette i Norges Bondelag og Felleskjøpet Agri.

Sak 6: Val

For å få oversikt på kor mange delegatar med stemmerett som var tilstades vart det tatt namneopprop. Det var 85 utsendingar med stemmerett.

Leiar i valkomiteen Sigmund Slettebø orienterte om arbeidet i komiteen, og la fram innstillinga frå valkomiteen. Innstillinga var einstemmige. Ordstyrar leia valet.

1. Leiar for eit år

Etter forslag frå valnemnda vart Ola Andreas Byrkjedal vald til ny leiar med 80 stemmer. 5 blanke stemmer.

2. To nye styremedlemmar for 2 år ein frå Jæren og ein frå Dalane. Valnemnda sitt forslag til nytt styremedlem frå Jæren: Sonja Herikstad Skårland, Time og frå Dalane vart Kjell Andreas Heskestad, Lund forslått.

Styremedlemmane vart valde i kvar sin valomgang.

Kjell Andreas Heskestad vart vald med 83 stemmer, 1 stemme til Per Inge Egeland og ein stemme blank.

Sonja Herikstad Skårland vart vald med 80 stemmer, 1 stemme til Per Inge Egeland og 4 blanke stemmer.

3. Val av nestleiar for eit år

Valnemnda sitt forslag var Per Inge Egeland, Hjelmeland

Per Inge Egeland vart vald med 79 stemmer, 1 stemme til Gette Eidesen og 5 blanke stemmer.

4. Val av varamedl. til styret for eit år

Det var ikkje krav om skriftleg val.

Valkomiteen sit forslag:

1. Arnstein Røyneberg, Sola vald med akklamasjon
2. Lisa Breiland, Finnøy vald med akklamasjon
3. Andreas Lundegård, Vats vald med akklamasjon

5. 6 utsendingar til Norges Bondelag sitt årsmøte, for 2 år

Valkomiteen sitt forslag:

Frå Nord Rogaland:

Andreas Lundegård, Vats vald med akklamasjon

Frå Ryfylke:

Lisa Breiland, Finnøy vald med akklamasjon

Frå Jæren:

Arnstein Røyneberg, Sola vald med akklamasjon
Sonja Herikstad Skårland, Time vald med akklamasjon
Anne Skasheim, Bore vald med akklamasjon

Frå Dalane:

Kjell Andreas Heskestad, Lund vald med akklamasjon

6. 11 varautsendingar

1. Kåre Søyland, Gjesdal
2. Eva Lise Stokland, Vats
3. Guttorm Gudmestad, Rennesøy
4. Bente Gro M Slettebø, Bjerkreim
5. Roar Lima Grødeland, Orre
6. Solveig Øie, Tysvær
7. Terje Taule, Helleland
8. May Ann Levik, Forsand
9. Glenn Midttun, Nærbø
10. Gunn Marit Svihus, Sandnes
11. Olav Sande, Org. sjef

7. Ordstyrar for leiarmøte 2012 og årsmøte 2013

Arnstein Gilje, Stavanger
Varaordstyrar: Jon Arne Vadla, Sjernerøy

8. 4 medlemmar med vararep. til valnemnda for årsmøta i 2013 og 2014

Frå Jæren:

Roar Lima Grødeland, Orre
Vara: Sven Martin Håland, Sandnes
Vara, eit år for Hanne Elise Lindal, Nærbø: Ole Andreas Aarsland, Varhaug

Frå Dalane:

Sigmund Slettebø, Egersund
Vara: Sigbjørn Andreas Hofsmo, Lund
Frå Ryfylke:

Gunleif Haukalid, Forsand

Björg Hauge, Hjelmeland

Frå Nord Rogaland:

John Egil Frøystad, Skåre

Vara: Norleif Fjellheim, Skjold

9. Leiar og Nestleiar i valkomiteen

Leiar: Sigmund Slettebø
Nestleiar: Roar Lima Grødeland

Resolusjonar

Resolusjonskomiteen har utarbeida to forslag til uttale frå årsmøte. Bjerkreim Bondelag hadde eit forslag under innkomne saker, og på årsmøtet kom det inn ein justert versjon. Resolusjonskomiteen utarbeida resolusjon på bakgrunn av det sist innkomne forslag. Det kom forslag frå Jon Tore Refve, Bore Bondelag om

forslag på resolusjon ang svarthalespove. Komiteen utarbeida resolusjon på bakgrunn av innlevert forslag.

Resolusjonane skal sendast til media og Stortingsbenken i Rogaland.

Etter ordskifte på innhald og omfang vart følgjande resolusjonar vedtekne:

Resolusjon frå Årsmøte i Rogaland Bondelag 2012

Tålmodet på grasrota er slutt!

Årsmøte i Rogaland Bondelag er sterkt uroa over utviklinga i næringa vår:

- Talet på mjølkebruk er halvert på ti år
- Dramatisk underdekning av norskprodusert storfekjøtt
- Sterk reduksjon av norsk areal i bruk til matproduksjon
- Nedbygging av matjord
- Låg del av norske råvarer i kraftfôr
- Kraftig auke i transport av fôr og husdyrgjødsel over lange avstander
- Auka gjeldsvekst for norske bønder

Det å vera bonde er eit spanande og givande yrke. Men dette druknar hjå mange i økonomiske utfordringar.

Utfordringane framover er sjølvforsyning og matsikkerhet. FN har bede alle land om å ta større ansvar for eigen matproduksjon.

Matproduksjonen i Norge er politisk styrt. Stortinget har det fulle og heile ansvaret for at befolkninga sin matsikkerhet blir teke vare på.

Årsmøte i Rogaland Bondelag forventar at forhandlingsutvalet i Norges Bondelag viser "tenner" i årets jordbruksforhandlingar. I år må det kjempas som aldri før. Og me stiller oss bak. Medlemmane våre er villige til å gå langt for å visa at det er alvor. Medlemmane våre treng eit tydeleg signal frå styresmaktene om at dei er ynskja som matprodusentar. Smular er ikkje nok.

I år treng me brød! Berre då vil Ola Nordmann i framtida vera sikra norsk mat.

Uttale frå Rogaland Bondelag sitt årsmøte 9. og 10 mars 2012

Svarthalespoven

Rogaland Bondelag meiner det ikkje er grunnlag for å leggja restriksjonar på landbruksdrift for å verne svarthalespoven. Det er eit misbruk av naturmangfoldloven og feil bruk av samfunnets ressursar. Ein vernar ein art som ikkje har vesentlig del av sitt naturlige opphaldsområde i Norge. Arten er heller



Nokon av dei tillitsvalde.

ikkje definert som trua i Europa. Vernet gir store driftsulemper for grunneigarane og store unødige utgifter for samfunnet.

Ordet fritt - helsingar

Knut Åge Gjersdal, Søre Hå, ville få få fram at bondeyrket var flott, han let vel og vi måtte snakka næringa opp. Arne Berge, Time, første årsmøte i Rogaland Bondelag – dette var gildt. May Ann Levik frå verveutvalet orienterte om arbeidet i utvalet, og om det var nokre utsendingar som kunne vera med i utvalet så var dei hjerteleg velkomne.

Olav Røysland takka for godt samarbeid frå Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Rogaland. Nikolai Valheim, Rogaland Bygdeungdomslag, takka for samarbeidet og trekte spesielt fram samarbeidet / dugnadshjelpa under landsleire på Nærland sommaren 2011. Skulle Bondelaget aksjonera så måtte ein ikkje gløyma Bygdeungdomslaget.

Til slutt takka fylkesleiaren Stein Pettersen som gjekk ut av styret, tilsette på kontoret og møteleiar. Nestleiar i styret, Per Inge Egeland takka Arnstein Gilje for godt arbeid i Rogaland Bondelag i fleire år.



Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2012

Styret:

Ola Andreas Byrkjedal
Per Inge Egeland
Sonja Herikstad Skårland
Gette Eidesen
Kjell Andreas Heskestad
Liv H. Svendsen (RBK)
Olav Varhaug (RBU)

1.v.m. Arnstein Røyneberg
2. vm. Lisa Breiland
3.vam. Andreas Lundegård

Informasjonsutvalet:

Per Inge Egeland
Bente Gro M. Slettebø
Sonja Herikstad Skårland
Sigbjørn Andreas Hofsmo
Børge Næss
Sekretær: Marianne Osmundsen

Grøntutvalet:

Ståle Runestad
Ola Sunde
Terje Pundsnes
Odd Sele
Arne Vagle, Norsk Landbruksrådgiving
Sekretær: Olav Sande

Jordvernutvalet:

Roy Engelsvoll
Andreas Joa
Andreas Lundegård
Gette Eidesen
Erik Thoring, Naturvernforbundet i Rogaland
Sekretær: Olav Sande

Verveutvalet:

May Ann Levik
Geir Oluf Hareland
Solveig Øie
Sekretær: Signe Henriksen

U-landsutvalet:

Elisabeth K. Nesheim
Terje Øen, TINE M. Sør BA
Anna Maria Oanes
Kari Rege Nilssen
Sekretær: Målfrid Husebø



Utsendingar til årsmøtet i Noregs Bondelag.

Samarbeidsrådet:

Olav Røysland
Ola Andreas Byrkjedal
Anne Berit Verpe
Askild Eggebø
Aasne Aasland
1.v. Peder Skåre
2.v. Atle Hauge
3. v. Svein Atle Steinbru
Sekretær. Marianne Osmundsen

SAMARBEIDSUTV.RB/Gjensidige:

Ola Andreas Byrkjedal
Per Inge Egeland
Olav Sande
Svein Atle Steinbru, Gjensidige Forsikring

Diverse adresser/kontakter

Arna Høyland, Leiar valnemnda i Norges Bondelag

Æresmedlem i fylkeslaget:

Einar K. Time, Stavanger
Bjarne A Undheim, Time
Karl Brådli, Bjerkreim
Svein Helge Harbo, Nærbø

Utsendingar til Norges Bondelag sitt årsmøte:

Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal
Per Inge Egeland, Hjelmeland
Arnstein Gilje, Stavanger
Gette Eidesen, Haugesund
Andreas Lundegård, Vats
Lisa Breiland, Finnøy
Kjell Andreas Heskestad, Lund
Sonja Herigstad Skårland, Time
Arnstein Røyneberg, Sola
Kåre Søyland, Gjesdal
Eva Lisa Stokland, Vats
Bente Gro M. Slettebø, Bjerkreim

Næringspolitiske saker

Jordbruksforhandlingane 2012	10
Landbruksmeldinga ”Frå jord til bord”	16
Svarthalespova.....	18
Jordbruksforhandlingane 2012	18
Mjølkekvoteordninga.....	18
Påskekampanjen 2012.....	19
Referansegruppe Bioforsk	19
Fri bevegelse og mosjon på beite for storfe	19
Regionalplan for Jæren	25
EU sitt vassdirektiv	27
Høring av nasjonal transportplan	29
Frå kronetoll til % toll	30

Jordbruksforhandlingane 2012

I utarbeiding med uttale til jordbruksforhandlingane har styret fått tilsendt uttalar frå lokallaga og andre organisasjonar innan landbruket. Det vart avhalde samrådsmøte med samvirkeorganisasjonane og andre organisasjonar i rogalandsjordbruket for innspel. Ut frå innspel og diskusjon i styret vart følgjande sendt Norges Bondelag:

Uttale til jordbruksforhandlingane 2012

Med grunnlag i heftet ”Jordbruksopp-gjøret 2012 – fokus på inntekt” med spørje- og prioriteringsskjema, har lokallaga gjennomført studieringar og medlemsmøte i forkant av utarbeidinga av uttalanane sine. Fylkeslaget har fått inn uttale frå 23 av 42 lokallag. I tillegg har ein fått uttalar frå fylkeslaget sitt Grøntutval og frå 16 ulike organisasjonar og instansar. Alle innkomne uttalar er lagt fram for styret og sendt Norges Bondelag. I tillegg har styret hatt samrådsmøte med landbruksrelaterte organisasjonar i fylket.

Generelt

Verdiskapinga i landbruket i fylket er om lag 6 milliardar kr. Sysselsettingsmessig har næringa omfattande ringverknad ut over dei ca 8000 personane som direkte

har sitt arbeid innan landbruket. Tar ein med både dei som har sitt arbeid på gardane og dei som er sysselsette med grunnlag i landbruksproduksjonen i fylket, er landbruket den nest største næringa i fylket etter oljenæringa.

Størstedelen av veksten innan landbruket i fylket dei siste åra har foregått i Jær-regionen. Det er positivt med eit sterkt landbruksmiljø som viser vilje og interesse for å styrka sin posisjon. Denne delen har i dag ca 55 % av produksjonen i fylket. Sjølv om ein registrerer auke i produksjonen på Jæren, ser vi også her at urovekkjande mange bønder avviklar landbruksproduksjonen sin og går over i anna yrke.

I andre delar av fylket er det jamt over reduksjon for landbruksnæringa. I kommunane Sokndal og Lund sør i fylket, er talet på søkjarar av produksjonstilskot næraste halvert dei siste 10 åra. Noko tilsvarende situasjon vil ein og finna i andre kommunar i Dalane og Nord-fylket. Får ein ikkje snu denne trenden snart, vil landbruksmiljøet fort forsvinne og bruk og produksjon vil verta lagt ned. I neste omgang får det fort konsekvensar for sysselsettinga, busetnaden og kulturlandskapet.

Målsettinga om eit aktivt landbruk over heile landet må stå fast.

Oppsummering av dei prioriterte tiltaka.

- Økonomien i mjølkeproduksjon må betrast.

- Auke i målprisen på korn må kompensast for husdyrhaldarane.
- Rogaland Bondelag vil på det sterkeste gå mot omfordeling av midlar frå sentrale jordbruksområde til andre område i landet
- For korn må det innførast kvalitetskontroll ang. mykotoksininnhaldet. Høgt innhald må føra til trekk i kornprisen.
- Langsiktig ordning for investeringsstøtte.
- Frakttilskot bør utviklast vidar innan kraftfôr og grøntsektoren.
- RMP midlane bør aukast. Som husdyrfylke nr 1 kan utfordringane med vassdirektivet sine målsettingar verta omfattande. Landbruket tek ansvar, og sett i verk frivillige tiltak ut over krav i lovar og forskrift. Desse tiltaka må dekkast opp med RMP midlar.
- Driftstilskot på mjølk må vera lik i heile Sør-Noreg.
- Inntektsauke i mjølkeproduksjonen, ein auke i utbetalingsprisen på mjølk på kr 1,- for dei første 100 000 liter.
- Rekruttering i landbruket er eit tema som må prioriterast i tida framover. Det er viktig å få unge dyktige bønder inn i næringa med sitt pågangsmot og lyst til vidare utvikling av garden. Ein må ha høg status med å vera matprodusent, god inntekt og innføring av kompetansebevis i landbruket vil hevja statusen og auke viljen til og verta bonde.

- Beitebruken på både småfe og storfe må styrkjast.

2. Pris

Målsettinga må vera å ta ut høgast mogleg pris i marknaden. For å klare det må ein ha eit effektivt importvern og god marknadsregulering/balanse gjennom heile året. Kostnadsnivået i landet er høgt samanlikna med andre land i Europa, difor er det avgjerande med eit effektivt tollvern. Tollvern for eigen landbruksproduksjon er akseptert og vert nytta av dei fleste land. Det som er ein utfordring for Noreg er regelverket i WTO, som regulerer blant anna ordninga innan tollvern på eigne produkt og gul, blå og grøn boks.

Ser ein på marknadssituasjonen kan det vera rom for auke i målprisane på dei fleste landbruksprodukta. Generell kostnadsauke i marknaden er på om lag 4%, og som bør vera eit grunnlag for ein målprisauke. For å dekkja gapet i inntekt mellom lønnsnivået i industrien og landbruket bør det dekkast inn med bruk av budsjettmidlar. Dette gapet i inntektsnivå kan ein ikkje dekkja inn frå marknaden aleine.

Endelig vurdering av målpris må gjerast i samarbeid med markედansvarlege organisasjonar og avtalepartane.

Målprisar:

- Det vert foreslått ein auke på kr 0,80 i målpris på svinestek. Marknadssituasjonen innan svinestek reknar ein med kjem nærast i balanse i løpet av året.
- Innanfor sau/lammestek kan det vera mogleg å ta ut ein auke opp mot kr 5,- pr kg. Prognosane for 2012 syner ei lita underdekking av lammestek, det er rom for auke i målpris.
- Målprisen på mjølk bør løftast med om lag 20 øre pr liter. Geitemjølk bør løftast 35 øre pr liter.
- Målprisen på egg kan aukast med kr 1.75
- Det vil vera behov for import av storfe i lang tid framover. Det er Nortura som har ansvaret for prisuttak i marknaden. Det må vera tett dialog mellom faglag og marknadsansvarlig for å sikre høgast mogleg uttak på pris i marknaden. Prisforholda mellom kjøtslaga ute i butikken bør ikkje forandre på forbrukarmønsteret i vesentleg grad.
- Grøntsektoren. Grøntutvalet tilrår ein generell auke i målprisen på 5% i gjennomsnitt. Varer som best tolerer auke i målprisen må prioriterast.



Frå aksjonen i Oslo.

- Vert målprisen på korn auka må det kompenseras, slik at ikkje prisen på kraftfôr stig utover det som kan dekkast inn av reell auke i pris i sluttmarknaden.

3. Budsjettoverføringar

Prioritering av ulike type budsjettmidlar (t.d. investeringstilskot, velferdsordningar, frakt, prisnedskrivningstilskot med meir)

I Rogaland vil ein prioritera følgjande verkemiddel:

1. Meir midlar til arealtilskot, husdyrtilskot, distriktstilskot, prisnedskrivning og fraktutjamning.
2. Meir midlar til velferdstiltak.
3. Meir midlar til investering.

Prisnedskrivning på korn

Vi legg til grunn at husdyrprodusentane får kompensert ein eventuell høgare kraftfôrpris pga høgare målpris på korn. For den delen av kostnadsveksten på kraftfôr som ein ikkje kan ta ut med auke på prisane i sluttmarknaden må prisauken på kraftfôr kompenseras med budsjettmidlar. Satsane på prisnedskrivning på korn må oppretthaldast på dagens nivå.

Investeringsmidlar

Det er nødvendig med store investeringar i rogalandslanndbruket i åra framover. Mykje av bygningsmassen innan mjølkeproduksjon er frå tidlig syttital og treng oppdatering, eller verta erstatta av nytt bygg. Mjølkeproduksjon er i dag ein kapitalkrevjande driftsform, og den berande produksjonen i distrikta og som er avgjerande for jordbruksdrift i fleire bygder. Investeringstøtteordningane må verta innretta slik at mindre bruk får ta del i desse ordningane. Innan småfeproduksjon og ammeku / storfe i korn er det og behov for fornying av bygningsmaterialet. Regelverket må utformast på ein slik måte at også mindre bruk får investeringstilskot. Fylkeslaget meiner grovfôrbaserte produksjonar må prioriterast ved tildeling av investeringsmidlar. Om ein skal ha ein auke i matproduksjonen på line med i befolkningsauken må arealproduktiviteten verta betre enn den er i dag. Det er mykje areal som har behov for grøfing, velfungerande grøfter har god klimaeffekt. Det bør innførast eit grøftetilskot på om lag kr 20,- pr m. Fylkeslaget kan ikkje gå inn for omfordeling av midlar frå til dømes kulturlandskapstilskotet. Det er viktig med ein enkel søknadsprosedyre på grøftetilskot.

Fraktordningar

Fraktutjamning er eit viktig tiltak for utjamning av fraktkostnadane i landbruket. Desse midlane vert nytta målretta inn i distriktslandbruket som ein kostnadsreducerande faktor som alle aktive brukarar får ta del i. Fraktutjammingsordningane bør utviklast vidare.

- I samband med forhandlingane i fjor vart fraktordninga på inntransport av slaktedy endra og forsterka. Det grepet var heilt nødvendig for å utlikna dei sterkaste forskjellane på kostnadane ved inntransport, for å ha likare konkurransevilkår, mellom aktørane i marknaden. Det var ein god start på eit godt tiltak.
- Stadfraktutjamning på kraftfôr er eit anna område som kan utviklast vidare. Ein bør sjå nærare på beløp, praktisering og organisering av denne ordninga.
- Det er viktig å oppretthalda den distriktsvise produksjonen innan grøntsektoren. Difor bør det også for grøntsektoren innførast ei ordningar som dekker deler av fraktkostnadane og utjamnar den, då særleg innfrakt frå produsent til pakkeri/grossist. Ordninga må ha ein klar distriktsprofil. Det er urimeleg at produsentane sjølve må dekkja transportkostnadane ved busetnad og drift ute i distriktet. I år må det vera grøntnæringa sin tur å få innført fraktutjamning. Det må prioriterast i år slik at produsentane ikkje må ta heile fraktkostnadane.

Innretting av verkemiddel

I Rogaland er det store forskjellar innan geografi, struktur, klima og kommunikasjon. For at vi skal ha eit landbruk i heila fylket er det nødvendig med god distrikts – og strukturprofil i tilskotsordningane. Dagens strukturprofil bør vidareførast.

- Satsen på kulturlandskapstilskotet bør hevjast. Denne ordninga gjeld alle brukara uansett tilskotsone.
- AK-tilskot grovfôr, grensa på 250 da bør ikkje endrast.
- AK-tilskotet bør gå til aktive brukarar. Målet må vera å få ei form på ordninga slik at det er aktive bønder som får AK-tilskot, dei som produserer og nyttar foret. For fleire år sidan vart omrekningsfaktoren for kulturbeite sett ned frå 0,7 til 0,6. For å auka bruken av beite både innan småfe - og storfehold og for å byggja opp under satsinga for

ulike beitetiltak, vil fylkeslaget be om at faktoren vert sett opp att til 0,7. Det vil styrkja både grovforproduksjonen og ei aktiv kulturlandskapspleie. Tilskot som oppfordre til å bruka beite/utmarksbeite bør styrkast

- For å nytta utmarka vert det lagt ned store utgifter til gjerdehold. Fleire lokallag meiner det er mykje areal som kunne vorte brukt med betre gjerdehold. Det bør vurderast tilskot til oppsett av gjerde, til dømes materialkostnadane med påle og nett.
- Økonomien i kornproduksjonen må betrast, for å få ein betre arealproduktivitet bør noko av arealtilskotet vris over til eit grunnstilskot på levert korn til mottak. Kvalitetsbetaling på korn må vidareutviklast.

4. Skatt/avgift og avskrivningar

- Det er behov for store investeringar i landbruket. Det må etablerast mulighet for fondsavsetjing til framtidig investering. I skogbruket har ein ei slik ordning som kan utvidast til og å gjelda landbruket.
- Jordbruksfrådraget sine satsar bør ikkje endrast. I dag er jordbruksfrådraget knytt til føretak. Frådraget må knytast til person der begge ektefelle mottar jordbruksinntekt, eller det er to generasjonar som er aktive på garden.

5. Næringsutvikling og kapitaltilgang

Næringsutvikling

I Rogaland er Måltidets Hus etablert. Bygget er eit senter for FOU og innovasjon i landbruket for heile landet. Blant anna er Tine si FAO avdeling lokalisert her og vi har Gastronomisk institutt sine aktivitetar i dette huset. Måltidets Hus får kr 1mill. årleg i driftsstøtte gjennom jordbruksavtalen. Det vert anbefalt at dette tilskotet går vidare med same beløp.

Støtte til næringsutvikling på garden må vera knytt opp til ressursar som er på garden. Ordningar innan næringsutvikling i jordbruksavtalen bør i hovudsak rettast mot jordbruksdrift.

Kapitaltilgang

Med aukande kapital slit i landbruket og behov for nye store investeringar i heile landbruket delvis og på grunn av offentlege pålegg, må tilgangen på investeringsverkemiddel aukast vesentleg. Den totale rama til tradisjonelt landbruk i BU-ordninga må aukast kraftig og gjennom det må Rogaland få auka

si ramme vesentleg for at ein skal koma opp mot det behovet vi har ut frå produksjonsomfanget i fylket.

I fylket er det ein klar distriktsprofil på løyving av tilskot og rentestøtte. 70% av midlane skal nyttast i distrikta og 30% av midlane i dei meir sentrale områda i fylket (Jæren). Det er ein tydelig distriktsprofil i ordningane. Det vert ikkje gitt tilskot til kraftforkrevjande produksjonar i Rogaland.

Rogaland får i dag BU midlar på kr 35 mill. og til rentestøtteordninga kr 67.4 mill.

Satsane til Rogaland bør aukast - BU midlar til kr 50 mill og rentestøtte til kr 75 mill.

Maksimal støtte på kvart prosjekt bør vera på dagens nivå, 30% av investeringskalkyle.

Ordninga med rentestøtte må utbetalast over til dømes fem år, ikkje som i dag 10 – 15 år, utan at beløpet vert redusert. Det er dei første åra etter ei investering likviditeten er vanskelig.

6. Miljø og økologisk landbruk

Økologisk landbruk

Rogaland Bondelag har forståelse for at det er eit marknad for økologisk produserte matvarer og at norsk landbruk skal dekkja opp den etterspørselen, men regjeringa sitt politisk vedteke mål om kor stort forbruk ein skal ha av økologisk dyrka mat, er håplaut. Ekstra kostnader pga vedteke produksjons- og forbruksmål av økologiske varer må politikanane sjølv ta ansvaret for og ikkje la det verta ei ekstra økonomisk belastning verken for landbruket generelt eller for omsetningsledda som ikkje får selt varene dei tek inn økologisk. Samvirke og andre omsetningsledd må ikkje verta pålagde å bera desse ekstra kostnadane og tapa i konkurranse med andre.

Ved omlegging til økologisk produksjon må ein større del av tilskota via jordbruksavtalen tildelast ut frå levert mengde vare og ikkje berre ut frå areal. Meirkostnadane ved økologisk drift vert i dag kompensert med tilskot og auka pris i marknaden. Styret er skeptisk til å auka tilskotsatsane meir i forhold til konvensjonell drift. Ein større del av inntekta bør kunna tas ut av marknaden.

Fylkeslaget viser til regionplan landbruk, vedtene i fylkestinget juni 2011, innan 2020 skal 5 prosent av arealet og 5 prosent av det grovfôrbaserte husdyrholdet i Rogaland vere godkjent som økologisk

Miljø

RMP- og SMIL-ordninga

Med grunnlag i utfordringa næringslivet i fylket har ang. forureining og klimaretta tiltak har ein her i fylket alt i fleire år arbeidd aktivt for å gjennomføra ekstra tiltak for å møte desse utfordringane og redusera forureininga. Gjennom arbeidet til Aksjon Jærvassdrag, nå Vannområde Jæren, har ein oppnådd vesentlege forbetringar, men det er eit klart behov for ennå sterkare satsing. Nå omfatte vassdirektivet alle vassdrag, og i enkelte vassdrag vil jordbruket møte store utfordringar som bør løysast med frivillige tiltak. Gjennom fleire år er det via RMP-ordninga vorte øyremerka heller store beløp til andre avgrensa område med særlege utfordringar. Etter styret si vurdering bør det i år vera Rogaland sin tur til å få ekstra midlar og ein vil sterkt tilrå at det vert avsett ekstra 10 mill kr gjennom RMP-ordninga øyremerka tiltak i Rogaland.

I praksis ser ein at SMIL-midlane vert nytta til ulike tiltak og ofte utanom ordninga sine eigentlege oppgåver. Ut frå det ser styret det som rett at regelverket for bruken av ordninga vert innstrama og at det vert ytterleg presisert at avtalepartane – dvs lokallaga til Bondelaget og Bonde- og Småbrukarlaga - vert tekne med på råd ved fastsettinga av bruken av midlane i dei einskilde kommunane. Ramma til SMIL-ordninga bør ikkje aukast.

Det må innførast grøftetilskot. Skal ein auke arealproduktiviteten må det friske midlar på bordet. Behovet for grøfting er stort i dei fleste områda av landet. Ein stor del av arealet er leigejord, og desse områda vert ikkje prioritert innan vedlikehald av - og nye grøfter. Effekten av god drenering er mindre avrenning, mindre jordpakking, høgare avling og betra klimaeffekt.

I samband med arbeidet med reinare vassdrag er det innført forbod mot haustpløying i fleire områder. Det er større fare for utbrot av mykotoksiner i kornproduksjon på enkelte av desse område. Forbod mot haustpløying i område med kornproduksjon der det er fare for mykotoksiner, må revurderast.

Ved innføring av restriksjonar må det faglege grunnlaget og konsekvensane vurderast nærare.



Vekstskifte i kornproduksjonen i utsette området for mykotoksiner bør stimulerast med dyrking av andre proteinrike plantevekster, som til dømes erter og lusern.

Landbruket må verta ein stor energileverandør innan fornybar energi med blant anna husdyrgjødsel og trevirke som råstoff. Det må utviklast kompetanse i Norge innan prosjektering, bygging av anlegg, drift og vedlikehald.

Tilrettelegging / infrastruktur for bruk av bioenergi må vera eit samfunnsansvar.

7. Velferdsordningane

I uttalanane frå lokallaga er det ordninga for ferie og fritid og sjukdom og svangerskap som vert halde fram som viktigast. Lokallaga trekk fram ordninga for avløyning under sjukdom og svangerskap bør få ein auke, likeeins bør det innførast ei ekstra utbetaling til nye brukarar slik at dei slepp og forskotera midlane i 1,5 år.

- Utgiftene med ferie og fritid er ei kostbar ordning for bonden. Satsane bør halda tritt med den generelle lønnsveksten i samfunnet.
- Avløyning under sjukdom og svangerskap bør styrkjast. Det er viktig at brukaren har eit sikkerhetsnett omkring seg dersom ulukka skulle inntraffa, og at dei økonomiske rammevilkåra for hjelp er til stades.
- For nye brukarar må det innførast ei ekstra utbetaling for å dekkja opp utgiftene.

- Deltidsbonden vert hardt ramma dersom han/ho vert råka av sjukdom, regelverket i sjukelønsordninga må endrast. Ein kan i dag ikkje få både avløysartilskot og sjukepengar.
- Det må innførast ei ekstra dokumentert utbetaling i februar, med søknadsfrist i august.
- Tidlegpensjonsordninga må vidareførast og satsane må følgja den generelle inntektsutviklinga i samfunnet.

8. Korn- og kraftfôr Kornøkonomien

Styrking av økonomien til kornproducentane bør skje ved at det vert innført eit grunntilskot for korn basert på levert vare til godkjent mottak. Deler av arealtilskotet kan nyttast ved finansiering av eit grunntilskot.

Det er heilt nødvendig å få på plass kvalitetsbetaling på korn, blant anna på bakgrunn av mykotoksininnhald. Dette må ikkje føra til høgare kraftfôrpris til husdyrbonden. Det bør vera prisreduksjon for dårleg kvalitet slik som det vert praktisert i andre produksjonar.

Marknadsordninga

Marknadsordninga er viktig og ansvaret for ordninga må også framover tilleggjast landbruket gjennom Norske Felleskjøp.

Avtalepartane har eit overordna ansvar for at regelverket knytt til marknadsordninga er tilfredstillande. Det er viktig at ordninga har eit system som fangar opp konsekvensar om verds-

marknadsprisen skulle verta høgare enn norsk kornpris.

Prisnedskrivninga

Rogaland Bondelag ser på denne ordninga som svært viktig og må vidareførast på minst dagens nivå.

Norsk korn utgjer i gjennomsnitt 50 - 60 % i kraftfôret. I tillegg til norsk korn vert det nytta importert korn, norsk og importert proteinråvarer, fett og ulike tilsetningsstoff, mykje for å få den kvaliteten ein krev på for. Prisen på dette er uavhengig av jordbruksavtalen, men styrt av verdsmarkedet og avgifter. Ut frå dette vert det galt nå kraftfôrprisen under forhandlingane berre vert justert etter same øre-ending som kornprisen pluss/minus endring av prisnedskrivninga. Den reelle auken i kraftfôrprisen må leggjast inn i kalkylane der ein finn kor mykje som må til for å kompensera ein auke i kraftfôrprisen.

Kvalitetsprising av norsk korn

Generelt må forbrukarane av kornet – husdyrhalderane og kraftforindustrien - i større grad enn i dag definera kvalitetskrava for norsk korn. Då både med omsyn til proteininnhaldet, men ikkje minst også innhaldet av mykotoksiner. Dette har vore sterkt i fokus dei siste par åra og det bør setjast klare kvalitetskriterie der prisinga av kornet etter kvalitet vert nytta. Kornlaster med for stort soppinnhald må forkastast som for og prisast lågt og nyttast til andre ting – t.d energiproduksjon. Slikt korn må fjernast på den enklaste og billegaste måten. Alle innan varekjeden for korn må gå saman her og ta eit felles ansvar slik at ein lukkast i å innføra ei ny kvalitetsvurdering for korn alt frå hausten av.

Norge har ikkje beredskapslager for fôrkorn. I ei tid med uroleg verdsmarked , prisane på korn er ustabile, fleire land som eksportere korn har innført avgrensingar på grunn av tørke og brann.

Det bør innførast eit beredskapslager med fôrkorn i Norge.

Hausten 2011 var vanskelig for kornprodusentane. Svært lite korn var av ein slik kvalitet at ein kan nytta det til såkorn. For å få eit stabilt tilbod på såkorn bør ein innføra beredskapslager for såkorn.

9. Mjøl (ku og geit)

Generelt

Rogaland Bondelag går inn for at ein både for ku- og geitemjøl fortsatt bør ha ei kvoteordning.

Det må gjennomførast ein total gjennomgang med konsekvensvurderingar av kvoteordninga for mjøl som har sin basis frå 1983. Det er i dag fleire måtar og organisera mjølkeproduksjonen på, det bør vurderast felles kvotetak mellom samdrift og enkeltmannsforetak, om kvotesalet skal skje ved privat eller statleg forvaltning, avstandsregel og tal på samdriftsdeltakarar.

Det grunnleggjande i kvoteordninga for mjøl må vera at det skal produserast mjøl i heile landet.

For Rogaland sin del ser vi at det i fleire år har føregått ei klar flytting av kvotar frå distrikta i fylket inn mot Jæren. Dette har rett nok minka noko dei siste par åra, men er ennå flytting av mjølkekvote og det har tappa mjølkeproduksjonen i distriktskommunane.

Det må setjast inn meir målretta tiltak for å behalda mjølkekvoteane i distrikta

Eksisterande støtteordningar kan utviklast vidare, innan investeringsordningar og dagens ordning for distrikstilskot. Det er økonomien i mjølkeproduksjonen som er avgjerande om det skal vera mjølkeproduksjon på bruket.

Økonomi

Økonomien i norsk mjølkeproduksjon må betrast.

Det vart skapt store forventingar når det vart innført % toll på ikkje smakstilsett drikkemjøl og fløte. Denne omlegginga var heilt nødvendig for å unngå import av drikkemjøl og fløte.

Utfordringa nå er import av ost og smaktilsette produkt som til dømes yoghurt.

Importvernet må nyttast aktivt, mjølkeproduksjon som gjer inntekt er bærebjelken i landbruk i heila landet.

Rogaland Bondelag foreslår kr 1,- pr liter for dei første 100 tusen litrane til alle mjølkeprodusentane.

Det vil vera med og løfte økonomien i mjølkeproduksjonen.

Mjølkeproduksjon må få ei særskilt behandling i ein ny investeringspakke.

Geitemjøl

Det må verta stor fokus på mjølkekvaliteten og at mjølka kan nyttast til omsettelege og salbare produkt. Fyrst då sikrar ein geita som landskapspleiar og utnyttar utmarksressursane.

Ved kjøp og sal av kvotar for geitemjøl bør partane sjå på soneinndelinga på nytt slik at ein sikrar anlegg som behandlar geitemjøl, får nok råstoff og

kan oppretthalda eit fagmiljø. Dersom det oppstår ubalanse i markedet bør staten halda att sal av kvote.

10. Kjøtt og egg

Sau / lam

Økonomien innan sau og lam kan aukast.

Rogaland Bondelag er positiv til den auka vektlegginga ein har hatt innan tilskotsordningane for dyr på beite. Desse ordningane bør styrkast ut frå ønskje om å oppretthalde eit velpleidd kulturlandskap.

Sau og lam er viktige kulturlandskapspleiarar i utmark og fjell. Ein auke i satsane på kr 25,- for sau på utmarksbeite og fjell er nødvendig, utgiftene til organisering og drift av fjellbeite har gått kraftig opp dei siste åra.

Kvalitetstillegget på lam i kvalitet O og betre må utbelast sjølv om taket på husdyrtilskot er nådd. Vert det levert lam med god kvalitet må brukaren få ta del i det uansett tal på dyr det er på bruket.

Dagens produksjonstilskot for sau over eit år må endrast slik at normalt påsett av lam vert teke med. Det vil fremja utskifting av avlsdyr og dermed avlsframgangen i besetningen.

Nye besetningar og besetningar som har gjennomført sjukdomssanering bør få produksjonstilskot for 1 års lam.

Egg

Det vert påpeikt frå fjørfenæringa at kvaliteten på norsk korn kan vera utfordrande.

Det er rom for ei lita auke i målpris på egg.

Gris

Felles for svineproduksjon og fjørfe er at fôrutgiftene er det som er avgjerande for lønnsomheta. Prisnedskrivning på korn er omstritt, og dersom det ikkje vert løyvd meir inn i ordninga, bør ein sjå på ei form for grunnstilskot som kompensere for auke i korn / kraftfôrprisen.

Det bør gis ein auke i produksjonstilskot på kr 1000,- på dei første 35 purkene.

Det bør ikkje foretas endringar i dagens konsesjonsgrenser for gris.

Storfe/ammeku

Det har i lang tid vore underskot av norsk storfekjøtt på marknaden. Det bør stimulerast til ein auke i produksjonen av norsk storfekjøtt, det er og behov for storfe i pleie av kulturlandskapen.



Nortura som administrer prisløypa for storfekjøtt må oppmodast til å heile tid utnytte marknadssituasjonen for kjøtt. Styret i Rogaland Bondelag tek det for gitt at det er ein god dialog mellom Nortura og Norges Bondelag.

Skal ein få opp produksjonen på storfekjøtt i landet må pris på storfeslakt hevjast i tillegg til andre stimulerings tiltak for å fram kalv til denne produksjonen.

Pelsdyr

Pelsdyrnæringa er i hovudsak ei distriktsnæring i kombinasjon med andre produksjonar på garden, samanlikna med internasjonal pelsdyrproduksjon er besetningane hjå oss små. Nærast alle pelsdyrskinn vert selde på verdmarknaden, kostnadsnivået i norsk pelsdyrnæring må haldast på same nivå som næringa i andre land har. For å oppretthalda distriktsstrukturen som er i næringa er det viktig med stabile rammevilkår med frakttilskot til råvarer og fôr.

11. Grønnsaker, frukt og grønt

Styret viser til Grøntutvalet sin uttale og støttar opp om den. Styret vil trekkja fram nokre viktige saker grøntnæringa har fokusert på i fleire år:

Tilskot til forsøksringane og forskning

Forskning og rettleiing er viktig for ein sterk fagleg krevjande produksjon med små marginar. Skal produksjonen lukkast er det viktig at det er fagleg dyktige rettleiarar i nærmiljøet som kan følgja opp overfor kvar einskild produsent. Fleire i landbruksrådgivinga slit med økonomien og må bruka ein for stor del av tida si til å skaffa seg økonomisk grunnlag utanom å driva rettleiing. Ramma til forsøksringane bør difor aukast vesentleg og då særleg til fagringer knytta opp mot forsøk og rettleiing innan spesialproduksjonar der det er få produsentar spreidd over store deler av landet. Døme her er landbruksrådgivinga sitt arbeid for veksthus og for pyntegrønt. Grunntilskotet til desse ringane må særleg styrkast.

Plantevernsituasjonen

Plantevern er ei stor utfordring i grønnsakdyrkinga. Forsøksringane har saman med Bioforsk, hatt forsøk og utprøvingar i mange år for å finna alternative løysingar, utan å lukkast. Det er også lite nye ugrasmiddel å prøva. Sjølv om eit nytt middel har god effekt, er det ikkje alltid midla vert godkjent av Mattilsynet. Eit nordisk samarbeid i denne saka bør vera sentralt. Ein vil og sterkt rå til at Norges Bondelag har nær kontakt med

Norsk Landbruksrådgiving og andre fagmiljø som arbeider med desse problema.

Avgjerande saker for grøntnæringa i heila landet:

Ein nytte regelverket innan import – og tollregimet til fordel for norsk produksjon.

Innføra fraktordningar og for grøntsektoren og då særleg innfrakt

Distrikts- og kvalitetstillegget bør hevjast og særleg for produksjonar der ein ikkje kan auka målprisen noko – særleg for tomat.

Det vert innført regelverk som hindre dumpingsal av produkt inn til Norge.

12. Andre saker Energi

Det er fleire produksjonar i landbruket som har bruk for ekstra energi til blant anna oppvarming. Det gjeld i hovudsak veksthus og kyllingproduksjon. Energiprisane er nå høge, og avgiftsnivået på gass gjer at desse produkta får ein vanskelegare situasjon i marknaden.

For veksthus, som har avgrensa tollvern, betyr dette mykje for konkurransen med utanlandske produkt, i tida på året det ikkje er tollvern på norske produkt.

Norges Bondelag bør arbeida for avgiftsfritak på bruk av gass til oppvarming i veksthus og fjørfeproduksjon.

Juletreproduksjon/ grønt

er ei veksende næring, som er med og styrkje driftsgrunnlaget på fleire bruk i distrikta. Ein del av juletreproduksjonen går til eksport. Juletreproduksjon krev kompetanse og mykje tilsyn og stell for og få den rette form på trea, alt etter kva marknad trea skal seljast i. Juletreproduksjon er ikkje skogbruk i tradisjonell betyding.

Rådgivingstilbodet i næringa må styrkast med at det vert tilført meir midlar.

Rekruttering

Landbruket sliter med rekrutteringa til næringen, for mange personar som skulle satsa innan landbruksnæringa vel anna yrke enn landbruk.

Hovudgrunnar til denne situasjonen er stort arbeidspress og lita inntening. Betre generelle økonomiske rammevilkår og gode avløysarordninga er viktige. Nye brukarar må få ein startspakke slik at dei ikkje treng gå opptil eit år og meir, før dei får støtte over jordbruksavtalen.

Skal unge interesserte personar få plass i landbruket bør ein vera med og leggja til rette for at seniorane kan gå ut i anna yrke.

Det må vera sjølvsgatt at dei unge kan overta eit driftsapparat som fungerer.

Kompetanse

Dagens landbruk krev god kompetanse innan fleire område. Marginane innanfor både planteproduksjon og husdyrhald vert redusert, og strukturrasjonaliseringa gjer at driftsomfanget nærast vert større for kvart år. Dette krev god kompetanse innan leiing, økonomi agronomi, husdyrproduksjon osv. Fylkeslaget støttar kravet om kompetanse som agronom for å produsera mat.

Kompetanseheving til rettleiingstenesta er viktig. Det vert arbeid med å etablere kompetansesenter for landbruket, oppretting av slike sentra bør prioriterast økonomisk.

Landbruksmeldinga "Frå

Landbruksmeldinga Frå jord til bord" vart presentert i desember 2011. Høyringsprosessen vart sett i gang rett over nyåret. Styret i Rogaland Bondelag utarbeidde uttale på meldinga ut frå diskusjonar på møte med lokallaga og innkomne skriv frå lokallaga. Uttalen vart sendt Noregs Bondelag og stortingspolitikarane frå Rogaland.

Uttale frå Rogaland Bondelag:

Innleiing:

Rogaland Bondelag vil poengtere dei fire hovudmålsettingane som Landbruksmeldinga er bygd på:

- Matsikkerhet
- Landbruk over heile landet
- Auka verdiskaping
- Berekraftig landbruk.

For å vidareutvikla desse målsettingane må rammebetingelsane i landbruket utviklast vidare slik at den aktive bonde får ei rimeleg godtgjersle for sitt arbeid og innsett kapital.

Matsikkerhet:

Rogaland Bondelag støtter målsettinga om at dagens sjølvforsyningsgrad skal oppretthaldast. Dersom årleg befolkningsvekst vert på om lag 1% vil det om 20 år bu om lag 1 mill. fleire innbyggjarar i landet. Skal ein ha ei sjølvforsyningsgrad på dagens nivå er det nødvendig med ei offensiv satsing innan:

Landbruk i heila landet

Betra inntektsmoglegheita i landbruket
Betre rammevilkår for å sikre rekruttering

Vidareføre produksjonsfordelinga mellom fylka og landsdelane

Eit effektivt jordvern.

Beredskapslager for å sikra tilgang på:

Matkorn

Såkkorn

Fôrkorn

Oppretthalda produksjonskravet i kulturlandskapstilskotet.

Forskning og utvikling innan dyrking – og sortsforhold

Jordvern:

Jordvern er ein viktig faktor innanfor matsikkerhet. Meldinga legg opp til ei målsetting på omdisponering av dyrka jord på om lag 6000 da.

Rogaland Bondelag ønskjer ei sterkare styring av jordressursane som vert nytta til matproduksjon enn det landbruksmeldinga legg opp til. Rogaland Bondelag meiner kommunane har vist at dei ikkje kan forvalta omdisponering av jord som kan nyttast til matproduksjon på ein god måte. I Rogaland vert det omdisponert årleg om lag 1300 da, den bør ikkje vera høgare enn 600 da, fylket har 10% av landets dyrka areal. Det må det frå sentralt hald gi sterkare føringar til fylkesmannen om at matjord er ein knapp ressurs som skal forvaltast strengt. Avgjersle på omdisponering av dyrka jord må overførast til staten v/fylkesmannen. Matjord er ein nasjonal ressurs som må ha sterkare nasjonale føringar enn det som er i dag. 1,8 da dyrka areal pr innbyggjar må vera ei målsetting.

Kjøttproduksjon:

Import av storfekjøtt har hatt ein sterk auke dei siste åra. For 2012 er foreløpige prognosar ein import av om lag 15 200 tonn storfekjøtt. Dette tilsvarar 40 - 50 tusen okseslakt. Ved import går ein glipp av stor innanlands verdiskaping, både på primærleddet og i foredlingsindustrien.

Landbruk og næringsmiddelindustrien er avhengige av kvarandre.

Utan norske råstoff har vi ikkje norsk foredlingsindustri. Norsk foredlingsindustri er avhengig av eit sterkt importvern for å sikre norske råstoff.

Trygg mat, dyrevelferd og GMO

I norsk matproduksjon har vi i dag høg etisk standard, noko som er ein garanti for reine og gode kvalitetsvarer frå landbruket. Fylkeslaget meiner at den restriktive politikken innan GMO produkt skal vidareførast.

Det er den enkelte husdyrhaldar som er ansvarleg for god dyrevelferd i si verksemd.

jord til bord”

Inntekt

Sikre ramevilkår for at garden gir inntekt for bonden er det viktigaste verktøy for å oppnå måla i landbruksmeldinga. Dagens grunnlag må vidareutviklast i tråd med kostnads- og lønsutviklinga i samfunnet. I dag er det eit stor gap i årsverksgodtgjersla mellom landbruket og samfunnet elles. Det må utarbeidast ein plan for tetting av dette gapet. Skal ein sikre rekruttering med god kompetanse i landbruket er inntektsmogheiter det beste tiltak. Landbruket må på ein betre måte enn i dag få godtgjort for innskoten kapital – arbeidskapitalen. Bonden er sjølvstendig næringsdrivande og har eit sjølvstendig ansvar for å skaffe inntekt frå verksemda. Myndighetene har ansvar for å leggja til rette gode ramevilkår slik at bonden kan skaffe seg inntekt på line med samfunnet elles og med same arbeidsinnsats.

Importvern

Eit sterkt importvern er avgjerande for norsk matproduksjon. Kostnadsbilete i landbruket kjem fram av kostnadane i samfunnet elles, geografi, struktur og politiske målsettingar om landbruk i heile landet. Importvernet er avgjerande for sysselsettinga i foredlingsindustrien og som er heilt avhengig av norsk råstoff. Dei ulike tollordningane må utnyttast maksimalt for å oppretthalda norsk matproduksjon og vidareforedling av norske råstoff.

Jordbruksforhandlingane og Marknadsordningane

Fylkeslaget støtter opp om begge ordningane. Desse ordningane i lag med importvernet er dei tre viktigaste pilarene i norsk landbrukspolitikk. Landbruket skal vidareføra ansvaret for trygg og sikker matforsyning til den norske forbrukaren i heile landet året rundt.

Investeringsverkemiddel

Kapitalkostnadane i landbruket er store. Skal ein sikre rekruttering og vidareutvikling av norsk landbruk er det behov for store investeringar. Gode verkemiddel for fornying og nybygg bør innførast. Landbruket må få investeringsverkemiddel som ligg utanfor jordbruksforhandlingane sine ramer. Det må innførast ordningar med in-



Frå tur med elevar som har utdanning innan matfag.

vesteringsfond med skattefordel i landbruket. Investeringane i landbruket er i dag alt for liten i forhold til vedlikehald og fornying av produksjonsapparatet. Dette vil verta ein av det største utfordringane som landbruket vil stå ovanfor i åra framover.

Landbruk i heile landet

Landbruk over heile landet er grunnlaget for trygg og sikker matproduksjon i landet. Norsk landbruk på line med landbruket i dei aller fleste land i verda har behov for ramevilkår og økonomiske støtteordningar som vert fastsett nasjonalt. Landbruk i heile landet krev forskjellige ramevilkår mellom regionane, og ramevilkåra må vera målretta på matproduksjon. Landbruket i Rogaland er svært variert, frå kystlandskap til høge fjell og djupe fjordar. Det er svært beklageleg at Rogaland spesielt er nedprioritert i distriktssatsinga for aktivt landbruk i heila landet. Ei vidareføring av produksjonsfordelinga mellom fylke og landsdelar er vitig for å nå desse målsettingane.

Miljø

Landbruket vert i all hovudsak drevet etter gode agronomiske prinsipp. Område i fylket har i dag ein utfordring med dyretetthet. Stor dyretetthet er ikkje det same som store miljøutfordringar, og det må ikkje leggjast produksjonsavgrensingar som redusere norsk matproduksjon. Landbruket tek ansvar med agronomisk og miljømessig optimal produksjon. Dette kjem godt fram

i tiltaksplan utarbeida for Skas – Heigre kanalen i samband med forvaltingsplan Figgjo – Vassdraget. Det bør starta FOU arbeid med bruk av biorest for bruk og i andre sektorar enn landbruk.

Klima

Landbruket i Rogaland sakne ei offensiv satsing på klimatiltak i landbruket. Det kan nemnast bioenergi basert på trevirke, biogasproduksjon basert på husdyrgjødsel som kan vera med å redusere utsleppet av uheldige klimagassar i stort omfang. Biogass innan transportsektoren har god effekt, stor reduksjon i klimagassar og partikkelutslepp.

Tilskot til klimatiltak i landbruket må vera med friske budsjettmidlar.

I utforming av tilskot må ikkje dei som i dag driv svært godt, klimamessig og agronomisk bli straffa økonomisk. (eks grøftetilskot)

Jordlovens delingsforbod

Nabobruk i drift bør prioriterast når det skal strukturrasjonaliserast.

Det bør innførast skattefritak på sal av jord som er i aktiv bruk til aktive brukarar.

Kompetanse i landbruket

Det bør innførast ei form for kompetansebevis i for å få produsera mat. I dag er det krav om kompetansebevis/fagbrev innanfor dei aller fleste sektorar. Det er ingen grunn for at matproduksjon ikkje skal omfattast av eit slikt krav.

Det er viktig at realkompetanse vert teke med i ei slik vurdering

Svarthalespova

Rogaland Bondelag deltok på informasjons- og diskusjonsmøte om forvaltning av svarthalespove på Klepp rådhus 26. januar 2012. Svarthalespoven er en nyinnvandret fugl som hekker fra Hodne til Vik i Klepp og kom til området tidlig på 70- tallet. Populasjonen har vært stabil i Norge og det er i dag 20- 30 par. Den er klassifisert som sterkt truet i Norge, men stammen har en nesten global utbredelse som anslås å være på 630.000- 805.000 individer. Miljødepartementet har med bakgrunn i miljø-

vernsloven gitt Svarthalespoven status som prioritert art og har på denne bakgrunn gjort beslag på store jordbruksarealer i Klepp på Jæren. Et viktig tema på møtet var kompensasjonsordning for utsatt slått i de økologiske funksjonsområdene. Det var stort engasjement i salen der om lag 35 personer møtte. Mange av disse var grunneiere direkte berørt av problemstillingen. Så mye som 900 dekar kan bli beslaglagt. Disse områdene kan bli ødelagt dersom de ikke blir vannet, gjødslet, holdt fri for

ugress og slått som vanlig. I kompensasjonsforslaget står det blant annet at å spre eller gjødsle i området 15. april til 31. mai, vil bli erstatta med 150 kroner per dekar. Der slåtten blir utsatt til 15. juli, blir det kompensert med 1500 kroner per dekar. I tillegg kommer ekstra driftskompensasjon på 10 %.

Mange var bekymret for landbrukets fremtid, motivasjon til å drive landbruk og for manglende forutsigbarhet for driften på sin gård da det er uvisst når og hvor fuglen slår seg ned.

Jordbruksforhandlingane 2012

Staten sitt tilbud var på kr 900 mill. Inntektsgivande pengar til bonden i tilbudet var på kr 625 mill. Kr 275 mill er eit eingongsbeløp til som ikkje gir varig inntektsvekst i landbruket, men kan blant anna gå til investeringstiltak i landbruket.

Samla krav frå landbruket var på kr 2,2 mrd.

Det var tre beløp ein fokuserte på:

- Kravet var ein inntektsvekst på kr 50 000,- pr årsverk.

- Tilbudet gjev ein inntektsvekst på kr 13 300, pr årsverk
- Inntektsvekst for samanliknande grupper kr 17 400,- pr årsverk

Skal landbruket få same inntektsvekst i 2013 som andre grupper i landet må rama aukast med snautt kr 200 mill.

Tilbudet frå staten er ikkje med og løfte landbruket slik som forventingane i den nyleg vedteken Mat- og landbruks-

melding gav signal på. Matproduksjonen i Norge skulle aukast i takt med befolkningsauken og inntektsutviklinga landbruket skulle vidareførast.

Det måtte meir pengar på bordet om vi skulle godta ein avtale.

Ut frå ein totalvurdering etter sonderingsmøte med staten og med politiske kontaktar vart det brot i forhandlingane. Begge faglaga var samde om brot som vart kjent 12. mai.

Mjølkekvoteordninga

Lokallaga på Jæren, lokallagsleiarar og andre tok opp spørsmålet om mjølkeproduksjon utover grunnkvote. Disponibel mjølkekvote for enkeltføretak er 400 tusen liter og for samdrifter 750 tusen liter.

Kvotetak er øvre grense for mjølkeproduksjon i føretaka, om ein ikkje kjem inn under andre historiske mjølkekvotar. Dei føretaka som ligg på/ved kvotetaket får ikkje ta del i ei eventuell auke på disponibel kvote. I tidligare forskrift var det mogleg å produsera ut over kvotetaket dersom forholdstalet vart sett opp, dvs at Tine som marknadsregulator hadde behov for meir mjølk.

Ny forskrift om kvoteordninga for mjølk vart gjort gjeldane for kvoteåret 1. mars 2012 til 28. februar 2013.

I dei nye kvoteforskriftene vart det innført eit nytt begrep på mjølkekvote:

Grunnkvote: Denne ligg til landbruks-eigedommen, tildelt og kjøpt kvote.

Disponibel kvote: Føretakets rett til å produsere kvote. Disponibel kvote kan

ikkje gå over kvotetak for enkemannsføretak og samdrifter. (400´ og 750´)

For kvoteåret 2012 er følgjande justeringar i berekning av kvote ut frå marknaden sitt behov for mjølk sett til:

Grunnkvoten vert sett opp med 1%.

Disponibel kvote sett opp med 4%.

Reaksjonane som kom var at føretak som ligg opp mot kvotetaket ikkje får ta del i auken på 4%.

Det er når marknaden, Tine som marknadsregulator, signaliserer at det er behov for meir mjølk og ein som i tidligare år ikkje får ta del i denne auken at det vert reagert.

For eit enkeltføretak som ligg på kvotetaket vil det sei opp mot 16000 liter mjølk og for ei samdrift kan det bety opp mot 30 000 liter mjølk.

Argumenta for å ta del i auken i disponibel kvote er:

Om Tine som marknadsregulator

treng meir mjølk må alle mjølkeprodusentar få ta del i det.

Tidligare forskrift ga rom for å ta del i auka produksjon dersom marknaden hadde behov for meir mjølk.

Økonomien er også stram hjå dei ”store” mjølkeprodusentane.

Ein må unngå ei ny ”smørkrise” på alle type produkt.

Nokre innspel på motargument:

Kvotetak for mjølk kan samanliknast med konsesjonsgrense i andre produksjonar.

Redusert auke i disponibel kvote for dei ”mindre” mjølkeprodusentane.

Kvotesystemet er laga til for å unngå produksjonspress.

Mjølkeproduksjonen er ei av dei mest politiske styrte produksjonane i landbruket.

Staten og Norges Bondelag vart samde om at disponibel kvote kan overstige grunnkvota når forholdstalet vert auka.

Det nyttar å ta opp saker lokalt.

Påskekampanjen 2012

Påskekampanjen hadde aktiviteter på alle ledd i organisasjonen, lokalt, fylke og sentralt. Det ble laget eggkartonger sentralt for anledningen. Disse skulle fylles med egg eller andre ting. Aviser og brosjyrer med landbrukspolitisk innhold og nye T skjorter ble også delt ut. Hovedmålgruppa for kampanjen var politikere på alle nivå, både lokal- fylkes- og stortingspolitikere. I tillegg ønsket aksjonen å nå folk flest. Det ble også delt ut eggkartonger og faktabrosjyrer i regi av lokallaga. Finnøy Bondelag delte blant annet eggkartonger og brosjyrer på ferjekaien på Finnøy.

Fylket sitt Regional- og kulturutvalg hadde møte 29. mars 2012. Utvalget har 15 medlemmer. Pål Morten Borgli fra Frp er leder i utvalget. Regional- og kulturutvalget har ansvar for flere rammevilkår for landbruket som for eksempel vassdirektivet og egne innspill til jordbruksforhandlingene. Utvalget gjør også vedtak innen regionale utviklingsfond og miljø. På møtet utvalget hadde 29. mars fikk medlemmene en påskehilsen fra styret i Rogaland Bondelag. Møtet var en fin anledning til å takke for god uttale til jordbruksforhandlingene,



Påskekampanje på Finnøy.

og ønske om et godt videre samarbeid. Det var god stemning og gode tilbakemeldinger på landbruket i fylket. Bondelaget sin påskekampanje rundt omkring i fylket var det flere av utvalgsmedlem-

mene som hadde merka seg. Bondelaget skal på et senere tidspunkt møte utvalget for å presentere landbruket og de utfordringene landbruket i fylket har i tida framover.

Referansegruppe Bioforsk

Bioforsk har sammen med UMB og Skog og landskap fått innvilget et prosjekt fra Forskningsrådets program MILJØ 2015. Det vil i prosjektet bli sett på spredningsdynamikk og muligheter for forebyggende landskapsskjøtsel for å hindre spredning av fremmede arter. Resultatene av prosjektet vil forhåpentligvis være til nytte både for næring og forvaltning. Prosjektet har en forholdsvis snever tilnærming, med bakgrunn

i de midlene som var tilgjengelige fra Forskningsrådet. Det vil være fokus på spredning av nitrogenfikserende arter som gyvel og lupin i sårbare næringsfattige økosystemer, spesielt ved områdene rundt Lista og Jærstrendene. Det vil også bli gjennomført en genetisk studie av gyvel for å finne ut opphav til de ulike populasjonene som er i spredning. Prosjektet går over 3 år og startet 1. mars 2012.

Rogaland Bondelag sitter i en referansegruppe i prosjektet sammen med DN/Statens Naturoppsyn, Fylkesmannens miljøavdelinger i Rogaland og Vest Agder, Fagus, Statens Vegvesen og Bondelaget i Agder. Referansegruppe i prosjektet som kan gi innspill på tilnærming, formidling av resultater osv, slik at prosjektet gir mest mulig nytte for aktuelle brukere.

Fri bevegelse og mosjon på beite for storfe

Rogaland er beitefylke nr 1 i landet. Beitearealet er en ressurs som må brukes av både småfe og storfe. For å imøtekomme krav i forskrift om hold av storfe § 10- Mosjon, er beitedrift den beste løsningen.

Veileder til forskrift gir ei grundig innføring på aktuelle løsninger på mo-

sjonskravet dersom beitebruk ikke kan brukes. Det kan blant annet godkjennes innhegning med fast underlag med tak som luftegård.

Styret i Rogaland Bondelag mener svært mange løsdriktfjøs i dag har en slik konstruksjon som gjør at de kommer inn under veilederen sin omtale om godkjent

luftegård. På bakgrunn av det bør en i håndhevingen av lovverket legge til grunn at melkekyra sitt behov for fri bevegelse blir tilfredstilt i dagens løsdriktfjøs.

Styret i Rogaland Bondelag ba Norges Bondelag ta kontakt med Mattilsynet for å få en slik presisering i veilederen til forskriften.

Regionalplan for Jæren

Vi har bak oss 12 år der Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (stadfesta i Fylkestinget 10. oktober 2000 og godkjent i kongelig resolusjon 4. mai 2001) har hatt vesentlig betydning for utviklingen av kommunene som utgjør Jær-regionen.

Rogaland fylkeskommune har revidert planen og hausten 2012 vart Regionalplan for Jæren lagt ut på høyring. Det er kommunane Rennesøy, Randaberg, Strand, Stavanger, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå som vert omfatta av planen. Planen vil skissere utviklinga for kommunane. Forslag til uttale vart behandla i jordvernutvalet og styret gav følgjande uttale:

Høyringsuttale til regionalplan Jæren - revisjon av fylkesdelplan for landsiktig byutvikling på Jæren

Som det går fram av det utsendte planforslaget, er dette ein revisjon av fylkesdelplanen for Langsiktig byutvikling på Jæren, vedtatt i fylkestinget i 2000 og godkjent i kongelig resolusjon 4. mai 2001.

Rogaland Bondelag er samd i at fylkesdelplanen for langsiktig byutvikling på Jæren har vore ein svært viktig plan for å snu den svært uheldige utviklinga som var med stadig aukande press på og om-disponering av høgproduktive areal for matproduksjon på Jæren. Sjølv om også planen frå 2000 innebar om-disponering og nedbygging av store areal til matproduksjon, var den likevel eit kompromiss som la grunnlaget for ei endra utvikling.

Bondelaget er samd i at fylkesdelplanen i store trekk har blitt følgt opp av kommunar, fylkeskommune og statlege tilsynstyresmakter, men vil og peike på område der det ikkje har skjedd. Det gjeld t.d. Vatne-området i Sandnes og utkast til reguleringsplan for bybandet sør med forslaget til om-disponering av høgproduktiv matjord i Orstad/Frøyland-området.

Desse eksempla syner etter Bondelaget si meining kor viktig det er å få ei klar avgrensing for vern av matjord gjennom langsiktige planar.

I utkastet til revisjon av planen er det lagt til grunn at langsiktig grense for landbruk og viste områder for ut-

bygging ikkje skulle reviderast. Bondelaget meiner at det er svært viktig at dette blir lagt til grunn. Berre på den måten kan ein ha tiltru til at grensene for framtidig areal for matproduksjon verkeleg er langsiktige.

På same vis vil Bondelaget peike på betydningen av å legge til grunn gitte nasjonale føringar for denne type planar slik det vert synt i kapittel 1 i høyringsutkastet.

Planen uttrykkjer følgjande hovudmål for byutviklinga:

”Jæren skal ha en byutvikling basert på regionale helhetsløsninger som effektiviserer arealforbruket og transportarbeidet, styrker verdiskapingen, sikrer natur- og kulturverdier og gir høy livskvalitet.”

Vidare heiter det at det skal vera eit hovudmål å.....”*legge til rette for en videreutvikling av byområdet på Jæren som et av landets mest dynamiske og produktive områder. Dette må skje på en måte som ivaretar viktige natur- og kulturverdier, spesielt nasjonalt viktige landbruksområder.”*

I tillegg til å redusera arealbruken og å ta vare på nasjonalt viktige landbruksområde, er det eit hovudmål med planen å redusera veksten i transportarbeidet.

Strategiar for å oppnå det siste er ein kombinasjon av fortetting og utbygging i forlenginga av eksisterande bystruktur.

Planen argumenterer sterkt for ei auke i satsinga på kollektivtrafikk både for å løyse transportutfordringane og for å nå klimamål.

I avsnitt 3.1.3 blir sikringen av regional grønnstruktur og kjerneområde landbruk omtalt.

I planutkastet heter det:

Sikring av kjerneområde landbruk innebærer at større sammenhengende, høyverdige jordbruksareal sikres for matproduksjon i et langsiktig perspektiv. Det innebærer at det trekkes en langsiktig grense mellom byutvikling og kjerneområde landbruk. I kjerneområdet skal det heller ikke legges til rette for spredte tiltak, som er i konflikt med hensynet til effektiv landbruksdrift. Med spredte tiltak menes ulike arealdisposisjoner i landbruksområdene som ikke har tilknytning til ordinær landbruksdrift.

Rogaland blir framheva som matfylket og at kjerneområde landbruk er et hovudelement i matfylket.

Samstundes vert det peika på målkonfliktar i avsnitt 3.2.

Bondelaget har merka seg følgjande formulering:

”Å legge til rette for en vesentlig høyere kollektiv- og sykkelandel og begrensning av biltrafikk kan eksempelvis bety løsninger som innebærer nedbygging av jordbruksarealer. Omvendt kan et ensidig vern av jordbruksarealer medføre økte transportkostnader for husholdninger og næringsliv og merkostnader til infrastruktur for det offentlige. I slike avveininger må det legges vekt på behovet for utvikling av funksjonelle og levedyktige byer og tettsteder”

Rogaland Bondelag er samd i at det kan vera konfliktar mellom val av gode transportløyisingar og vern av høgverdig matjord. Men det er og viktig å gjere merksam på at slike målkonfliktar og kan oppstå mellom til dømes vern av naturområde, kulturminne og transportløyisingar.

Slik det nå er formulert i høyringsutkastet, er det ei tendensios framstilling av at vern av matjord er ei ekstra kostnad for den einskilde, for næringslivet og for det offentlege. Samstundes vil det legga føringar for at det først og fremst er målet om vern av matjord som skal underordnast målet om det som er definert som gode transportløyisingar. Bondelaget meiner at og vern av matjord er eit viktig element i å skapa eit godt miljø, funksjonelle og levedyktige byar og tettstader i regionen.

Bondelaget vil derfor tilrå at 2. avsnitt under kap. 3.2 på side 16 får følgjande formulering:

Å legge til rette for en vesentlig høyere kollektiv- og sykkelandel og begrensning av biltrafikk kan eksempelvis bety løsninger som innebærer nedbygging av jordbruksarealer, verdifulle naturområder eller kulturminner. Omvendt kan vern av disse verdier måtte innebære transportløsninger som ikke er optimale. I slike avveininger må det legges vekt på å utvikle funksjonelle og levedyktige byer og tettsteder innenfor rammen av å bevare ikke-fornybare ressurser som matjord og verdifulle naturområder.

Rekkefølge i utbygginga er omtala i kapittel 5.3. Her er dei einskilde utbyggingsområda prioritert i 3 ulike tidsfasar.

Det vert lagt stor vekt på at rekkefølgjene i utbygginga i hovudsak må skje ut

frå korleis bustadbygginga kan bidra til å oppfylle planens mål for transportarbeid og reisemiddelfordeling.

Å prioritera rekkefølge med det som føremål å snarast mulig forsterka utbyggingsretning mot Sandnes Øst og mindre produktive areal synes ikkje å ha same merksemd.

I retningslinene for samordna areal og transport – pkt. 5.1-5.7 vert det lagt stor vekt på å utvikla transportnettet, og då særleg system for kollektivtrafikk samstundes med utbygginga.

Dette er viktige og nødvendige retningslinjer, men samstundes økonomisk svært krevjande. Etablering, omfanget av, og prioriteringane i ein Jæren pakke 2 for finansiering av nødvendig infrastruktur vil her vera helt avgjerande. Med knappe økonomiske ressursar i høvet til nødvendig infrastruktur, vil det etter Bondelaget si meining vera svært viktig at desse vert brukte optimalt.

I kapittel 7 vert regional grøntstruktur og kjerneområde landbruk/LNF-områder omtala.

Det heiter m.a. i pkt 7.1 følgjande: *Tidligere fylkesdelplan viser en grøntstruktur som er et kompromiss mellom natur-, friluft-, landbruks- og utbyggingsinteressene på planleggingstidspunktet. Utviklingen har vist at dette grepet var riktig, og det har hatt stor betydning for arealplanleggingen i kommunene.*

Den årlige omdisponeringen av jordbruksareal på Jæren i godkjente kommunepplaner er blitt redusert etter at Fylkesdelplanen for langsiktig byutvikling på Jæren ble vedtatt. Langsiktige grense for landbruk er i store trekk respektert og behovet for nytt utbyggingsareal er dempet gjennom fortetting og transformasjon.

Avgrensningen av kjerneområde landbruk har hatt størst betydning for markering av et skille mellom landbruksområdene og framtidige utbyggingsområder på den måten at arealer for matproduksjon på Jæren er gitt et nødvendig vern.

Samstundes vert det synt til at avgrensing mot kjerneområde landbruk i eksisterande plan først og fremst er foretatt inn mot eksisterande tettstader og utbyggingsområde. Same avgrensing er ikkje gjorde mot øvrige LNF-område.

Etter Bondelaget si meining er det viktig at det og blir satt i gang arbeid med å sikre langsiktig grense for landbruk og i områda mot sør og aust i regionen



Forvaltning av LNF-områdene blir omtala i pkt. 7.4

Her vert det peika på at gjeldande plan i avgrensa omfang gir føringar for forvaltninga av kjerneområde landbruk og LNF-områder for øvrig. Dette har danna grunnlag for ulik praksis i kommunane.

Med utgangspunkt i de erfaringene som er gjorde, vert det peika på at ”... et dokumentert behov for å fremme retningslinjer for hvordan forvaltningen av LNF-områdene i større grad skal praktiseres likt i alle kommunene i regionen, og at disse innarbeides i de enkelte kommunepplaner”

Forslag til nye retningslinjer går fram av pkt 7.2.1 til 7.2.9

Forslaget synes på ein mer klargjerande måte å ivareta landbrukets interesser innafor desse områda.

Det er eit avvikande forslag i pkt. 7.2.1.2

Alt. A (Prosjektgruppa forslag)

I tettstedene i kjerneområde landbruk kan det legges til rette for en avgrenset lokal utvikling som er tilpasset stedet sin etablerte størrelse og struktur, og der hensynet til kjerneområde landbruk er avgjørende.

Alt. B (Forslag fra Time, Klepp og Sandnes kommune)

I tettstedene i kjerneområde landbruk kan det legges til rette for en avgrenset lokal utvikling som er tilpasset stedet sin etablerte størrelse og struktur. Ved arrondering av nye områder skal landbruket tillegges stor vekt.

Rogaland Bondelag vil sterkt tilrå alt. A

Fylkestinget i Rogaland vedtok i juni 2011 Regionalplan for landbruk med brei tilslutnad. Planen uttrykker klare mål om vern av matjord, om Rogaland som matfylket og at landbruket på Jæren skal vera førande for landbruket i Rogaland og på nasjonalt nivå.

Rogaland Bondelag meiner at alt. B vil innebera ei svært uheldig svekking av vernet av landbruket og miljøet for matproduksjon i kjerneområde av matfylket Rogaland. Etter Bondelaget si meining vil alt B. vera i strid med både ordlyd og haldning i Fylkesdelplanen for Landbruk.

Jord til matproduksjon er ei avgrensa ressurs. I vedteken landbruks- og matmelding, melding til Stortinget nr 9 (2011 – 2012), er det lagt til grunn at matproduksjonen i Norge skal auke i takt med auken i befolkninga som er på om lag årleg 1%. På 20 år må matproduksjonen i landet aukast med 20% i forhold til dagens nivå. Ein må leggja til grunn at matproduksjonen i regionalplanområdet må ha ein større % vis auke enn målsettinga i vedteken landbruks- og matmelding. Rogaland Bondelag vil på bakgrunn av dette foreslå:

Forslag til nytt pkt. innan kap. 7.2.9: ”Det er et krav at det må nydyrkast det dobbelte areal i same klimatiske - og topografiske område når vern av matjord må vike for nasjonale viktige samfunnsinteresser.”



Står du framfor viktige valg for fremtiden?

TINE Strategi og Veivalg

Bonden som bedriftsleder må planlegge og lede virksomheten på lang sikt. **Strategiprosesser** dreier seg om å gjennomføre veivalg. Riktig retning vil sikre lønnsomhet på kort og lang sikt!

Sertifiserte rådgivere kan bistå med å

- Utforme mål
- Kartlegge muligheter
- Utvikle alternativer
- Vurdere og motivere til valg
- Støtte i gjennomføring

Tar du ikke valg selv, vil omgivelsene gjøre det for deg!



TINE Rådgiving

Kontakt TINE Rådgiver eller les mer på medlem.tine.no



Møt oss på Facebook for gode historier, tilbud og nyheter!

**Hos oss føler alle seg hjemme!
Vi skreddersyr dine arrangement.**

E-post meeting.stavangerforum@scandichotels.com

Web www.scandichotels.no/stavangerforum

Tlf + 21 61 48 20

Scandic
STAVANGER FORUM



BENYTT DINE MEDLEMSFORDELER



Som medlem tilbys du unike personforsikringer tilpasset dine behov
– og du får tilbud om viktige sikkerhetsprodukter til lav pris.

Kontakt oss på 03100, se gjensidige.no/landbruk eller kom innom vårt kontor.



Landbruksbygg

I stål, tre, sandwich eller betongelementer



Gjødselkummer

Størrelser fra
590 - 3460 m³

Vi tilbyr fleksible løsninger i materialvalg og sammensetninger som tilpasses til dine ønsker og behov.

Vi har systemer som er meget rasjonelle, enkle og prisgunstige, og vi kan levere byggesett etter ønske (til f.eks. maskinhus, lagerbygg).

Ta kontakt for mer informasjon og pristilbud.

GRUDE
LANDBRUKSBYGG

Bedriftsveien 35, 4353 Klepp Stasjon.
Tlf. 918 71 505, epost: post@grudebygg.no
www.grudebygg.no



REKNESKAPSLAGA på Jæren og Dalane

10 rekneskapslag som dekkjer Sør-Rogaland frå Kvitsøy og sørover

Rekneskapsføring

Skatterekneskap
Driftsrekneskap
Budsjettering
Fakturering
Betalingsformidling
Lønn
Hjelper til med styrearbeid
Rapportering


Rådgjeving

Gardsoverdraging
Samdrifter
Investeringar
Økonomistyring
Likviditetsstyring
Veivalg
Skatt
Pensjonsplanlegging
Etablering

Sjå www.rekneskapslaga.no for meir informasjon om ditt lokale kontor.

DYR SOM TRIVES
GIR BEDRE INNTJENING

DET ER SUNT BONDEVETT



Reime

REIME AGRIS

Tlf: 51 79 19 00 • www.reimeagri.no

BYGGFIRMA

Skårland & Reime as

4362 Vigrestad

Alt innen landbruksbygg og boliger.

Tlf. 991 57 987 - www.skaarlandogreime.com



Gårdskreditt

- rask og enkel tilgang til kapital

Gårdskreditt er et fleksilån for landbruket som gir deg større økonomisk frihet.

Innenfor den avtalte lånerammen styrer du selv hva du bruker pengene på, og hvor mye som skal nedbetales.

Renter beregnes kun på det beløpet som du til enhver tid har benyttet.

Søk om gårdskreditt hos oss! Vi hjelper deg med lån og finansiell rådgivning.

Landkredittbank.no/landbruk | 815 52 245



Landkreditt Bank

Studer ved bygdene sin egen høgskule!

- Bachelorutdanning i bygdeutvikling
- Årsstudiar med fokus på nyskaping, økonomi og entreprenørskap
- Samlingsbasert. Bu heime!

www.hlb.no



Agronomkurs

Særheim – Dalane

Kompetanse, inspirasjon
og tru på framtida

Agronomutdanning på kveldstid over to eller flere år.
Ta dei faga som passer deg - når det passer deg.

Felles programfag

- **Planteproduksjon** Dalane
- **Husdyrproduksjon** Særheim
- **Gardsdrift** Særheim
- **Utmark og kulturlandskap** Særheim

Valfrie programfag

- **Økonomi og driftsleiing** Dalane
- **Traktor og maskin** Særheim

Meir info om programfaga på www.vlj.no

Krav til inntak: Sjå heimesida

Undervisninga startar 22. august og skuleåret sluttar med eksamenar i mai/juni året etter.

Søknadsskjema finn du på www.vlj.no

For meir informasjon, ta kontakt.

Vinterlandbruksskolen på Jæren
Særheim
Postvegen 213
4353 KLEPP ST
Tlf. 51 79 94 00
E-post: post@vlj.no



CEBS fasett

Haver Advokatfirma Ans

Haver har gjennom en årrekke vært den mest sentrale juridiske rådgiver for landbruksnæringen i jærregionen med kontorer på Bryne og i Stavanger. Våre advokater har bred erfaring og inngående kjennskap til landbruksnæringen, og bistår både gårdbrukere, næringsmiddelindustrien, landbrukssamvirker og -organisasjoner, samt matvarehandelsbedrifter.

Vi har omfattende erfaring knyttet til generasjonsskifter i landbruket, odelsrett, grunnnerv, ekspropriasjonssaker, skjønn, jordskifte og enkeltvister for landbruksklienter.

Ta kontakt med Endre Skjørestad (e.skjorestad@haver.no) eller Sindre Oftedal (s.oftedal@haver.no) så er du på den sikre siden.

haver.no

haver_____





Utdanning innen landbruk i matfylket Rogaland

Øksnevad vgs. tilbyr utdanning innen landbruk og gartnerinæring, heste- og hovslagerfag, anleggsgartner- og idrettsanleggsfag samt tilrettelagt undervisning. Alle retningene kan føre til studiekompetanse, agronom eller ulike fagbrev.

Søknadsfrist ordinære kurs: 1.mars

www.oksnevad.vgs.no



AIRPORT HOTEL STAVANGER
BY NORDIC CHOICE

Ditt kurs og konferansehotell

Sømmevegen 1 | NO-4050 SOLA

www.nordicchoicehotels.no

Tel.: +47 51 94 20 00

Dir. tel.: +47 51 94 20 27

Mob.: +47 98 04 28 75

Mail: jan.karadas@choice.no

EU sitt vassdirektiv

Eu har utarbeida eit direktiv som skal omfatte alle vassdrag og nære kystvatn i EU og EØS områda. Kravet er at alle vassdrag skal ha minst god kvalitet både kjemisk og fysiologisk. Det er utarbeida måleparameter for fleire ulike kvalitetar. Dersom ikkje vassdraga har god kvalitet skal det utarbeidast tiltak for å tilfredstilla krava om minst god kvalitet.

Landbruket i vårt fylke er viktig for landet sin matproduksjon og fylkeslaget følgjer arbeidet med vassdirektivet i vårt fylke tett opp.

Vassregion Rogaland gav uttale på høyring - Vesentlige vannforvaltnings-spørsmål. Denne høyringa tak for seg kva område som ein bør sjå nærare på.

Styret i Rogaland Bondelag utarbeida følgjande uttale på Vesentlige vassforvaltnings-spørsmål:

Rogaland Bondelag har frå vassregion Rogaland fått på høyring – ”Vesentlige vannforvaltnings-spørsmål – Midtveishøring i arbeidet med forvaltningsplan for vann” Rogaland Bondelag kjem med følgjande utale:

Innleiingsvis vil Rogaland Bondelag sei at landbruket allereie i dag gjer ein betydelig innsats for å redusera avrenning av næringsstoff til vassdraga. Arbeidet i vårt fylke starta med blant anna Aksjon Jærvassdrag i 1994, der landbruket, kommunane på Jæren, fylket og fylkesmannen gjekk saman for å sjå ureininga i vassdraga i ein samanheng. Dette arbeidet har gitt resultat.

Vidare framover på 2000 talet vart det i aukande grad sett fokus på avrenning av næringsstoff frå dyrka mark. Dei nyaste gjødselnormane har balansert gjødsling som ei målsetting, dvs at ein gjødsle med like mykje næringsstoff som det plantene tek opp i løpet av vekstsesongen. Bruk av fosfor i handelsgjødsel er meir enn halvvert sidan 1980. Bruken av plantevernmid-

del har også godt kraftig ned i same tidsrom.

Med forskrifter og vilkår knytt til utbetaling av produksjonsstilskot har miljøkrava for jordbruksdrift vorte innskjerpa dei siste åra. I vårt fylke kan ein blant anna visa til:

- Krav til lagring og spreieing av husdyrgjødsel
- Krav om gjødselplanlegging
- Krav om sprøytesertifikat og sprøytejournal
- Krav om å setta igjen ein vegetasjonsone på minst 2 meter mot vassdrag og kanalar
- Krav om miljøplan for alle gardsbruk som tek imot produksjonstilskot.

Landbruksnæringa har utvikla sitt eige kvalitetssystem i landbruket – KSL Kvalitetssystemet bygger på krav i lovar og forskrifter som vert stilt til matproduksjon, dyrevelferd, miljøomsyn og arbeidsmiljø, det vert og sett krav som er definert av landbruket sjølv. Heile 95% av all matproduksjon vert gjort på gardar som har KSL.



Denne høringa tar for seg vesentlige spørsmål som må utgreiast nærare før endelig høyringsdokument vert sendt på høyring juli 2014. I denne uttalen er det landbruket som vert omtalt, ein må heile tida vera på vakt på at landbruket ikkje får eit større ansvar for vasskvalitet enn det fakta kan frambringa.

I høringa er det peikt på 13 utfordringar fordelt på 6 tema:

- Interessekonflikt
 - Mogleg konflikt mellom mål om auka matproduksjon og mål om god miljøstandard i allereie jordbruks-påverka vassdrag. Størst utfordring i Ryfylke – og Jæren vassområde.
- Kunnskapsmangel
 - Det er behov for meir kunnskap om omfang av utslepp frå landbruk og avløp.
 - Det er behov for meir kunnskap om jordsmonn og effekt av landbrukstiltak i Rogaland.
- Er måloppnåing mogleg?
 - Det kan vera vanskeleg å nå miljømåla i dei mest intensive jordbruksområda
- Avhengig av internasjonale / nasjonale verkemiddel
- Klimaendringar
 - Usikker kva ein auke i nedbøren vil sei for uønska avrenning frå landbruket

• Identifisering av tiltak

- Det kan vera vanskelig å identifisera og setta i verk tiltak i vassførekomstar med mange påverkjingskjelder

Som ein kommentar til nærast alle skisserte 6 tema er følgjande:

Ein kan ikkje produsera mat på planter og dyr utan å tilføra næringsstoff. Det er og slik at ved gjødsling på mark vil det vera avrenning til vassdrag og dyra skil ut næringsstoff i avføring. Desse utsleppa av næringsstoffa er det ein må ha kontroll.

Interessekonflikt:

Fleire vassdrag i aktive landbruksområde vil verta klassifisert som moderat tilstand eller lågare. For desse vassdraga skal det utarbeidast tiltaksplanar slik at vassdraga får minst god tilstand. Det skal også utarbeidast ein tidshorisont for resultat. Rogalandslandbruket er viktig for landet sin matproduksjon.

Fylket har noko av landets besta klima for matproduksjon, det gjeld innan produksjonar som gras, grønnsaker, potet og beitehald. Fylket har størst dyretetthet av alle dyreslag i landet.

Landbruket skal ta ansvar for uønska utslepp og dette skjer best med frivillige tiltak. Tiltak som er sett i gang av Aksjon Jærvassdrag og pro-

sjektet Frivillige tiltak i landbruket syner at det kan gje god effekt. Dersom tiltak ikkje kan gjennomførast utan at matproduksjon vert redusert, eller at tilstandskravet ikkje kan nåast innan overkomelig tidsfrist, bør ein vurderer om vassdraget skal klassifiserast som Sterkt modifisert vassførekomst.

Kunnskapsmangel:

For Jæren vassområde er det god kunnskap om utslepp frå landbruk og avløp. Det er arbeidet i Aksjon Jærvassdrag i meir enn 20 år som gir den kunnskapen. Dei tre andre vassområda i regionen har ikkje same kunnskapen og det er behov for innsamling av data for å skaffa oversikt på avrenning frå landbruk og avløp. Både klassifisering og moglege tiltak skal vera fagleg basert og då er det heilt nødvendig å ha denne oversikta / kunnskapen.

Kunnskap om jordsmonn og næringsinnhald i jord bør ein kunna danna seg ein oversikt på med samarbeid opp mot Landbruksrådgivinga. Dei aller fleste bønder tek jordprøvar og ein kan då systematisera dette for å få ein slik kunnskap. Kunnskap innan agronomi, rett føring og vidareutvikling på betre utnytting kraftfôret har og effekt på betre vasskvalitet.

Effekten av tiltak som vert sett i verk for å få ned utslepp av uønska næringsstoff o.a. tar tid. Det syner seg i arbeidet i Aksjon Jærvassdrag. Mykje næringsstoff er bunde til sediment i botn av vassdrag og vil gje frå seg næringsstoff over lang tid. Måling av effekt på tiltak må ein sjå over fleire år. Frå landbruket sitt ansvarsområde må det vera udiskutabelt at gjødsling ut frå plantene sine behov og rett handtering av husdyrgjødsel er den viktigaste faktoren for reine vassdrag.

Er måloppnåing mogleg:

I dei fleste vassområda som det vert utarbeida tiltaksplan for vil ein oppnå tilstandsmåla på vasskvalitet og på tidsbruk. Som omtalt under interessekonflikt kan det i enkelte område med intensiv matproduksjon vera ein utfordring med måloppnåing. Desse områda er viktige for norsk matproduksjon og ein må om mogleg klassifisera vassdraget som eit SMVF område. Arbeidet i Aksjon Jærvassdrag har synt resultat. Bruken av P gjødsel har blitt redusert monaleg, bruk av husdyrgjødsel er bevisst og jorda vert driven på ein betre agronomisk måte nå enn tidligare.

Avhengig av internasjonale/nasjonale verkemiddel:

For tiltak innanfor landbrukssektoren bør ein i lengst mogleg grad nytta frivillige ordningar. Faktorar for motivasjon i dette arbeidet kan vera økonomiske ordningar på tiltak som den enkelte bonde sett i verk og som går lenger enn gjeldande forskrift innanfor aktuelle tiltaksområde.

Klimaendringar:

Klimaendringane gjer at ein får større nedbørsmengder. Ved store nedbørsmengder kan ein få jorderosjon. Det er i blant anna jordpartiklar og organisk materiale fosfor er bunde til og som vert sedimentert på botn i vassdrag eller frigiort. Jorderosjon kan ha langsiktige effektar i vassdraga (Sedimentering).

Ein bør få meir kunnskap på effekt av ugjødsla grøntareal langs vassdrag. Kva effekt vil slike grøntareal ha på lengre sikt?

Grøfting er eit viktig førebyggjande tiltak for jorderosjon og jordpakking. Jordpakking kan i tida framover verta eit større problem. Det kan gje meir erosjon, dårlegare jordstruktur og meir klimautslepp av di plantene ikkje får nytta tilgjengelig næringsstoffa,. Mykje av dette på grunn av strukturrasjonaliseringa i landbruket og med det større og tyngre maskinar. Kunnskap om slike effektar bør ein leggja vekt på.

Identifisering av tiltak:

Det er ei mengd med tiltak frå mange forskjellige næringar og verksemdar som påverke vasskvaliteten. Kvar enkelt næring/verksemd må ta ansvar og utarbeide tiltak i dei vassdraga som treng tiltak. For å identifisera uønska utslepp i vassdraga er det heilt avgjerande at kjelda eller kjeldene vert identifisert. Det bare i bakgrunn på identifiserte kjelder ein kan setja i verk fagleg grunna tiltak. Landbruket skal ta sitt ansvar dersom det er nødvendig med tiltak for å hevja vasskvaliteten i konkrete vassdrag. Landbruket legg til grunn at tiltak

er fagleg godt funderte og er målretta. Om landbruket skal inn med gjeremål med bakgrunn i tiltaksplan krev Rogaland Bondelag dokumentasjon på omfang av landbruksavrenning.

Andre tema / utfordringar:

Ei stor utfordring er finansiering av moglege tiltak. Landbruket er ei kapitalkrevjande næring og det er nødvendig med økonomiske ramevikår som vert tilpassa frivillige miljøtiltak. Landbruket sett som vilkår at økonomiske konsekvensar av tiltak som går utover matproduksjonen vert kompensert. Rogaland Bondelag organiserer og representerer den største grunneigargruppa i nedslagfelta til vassdraga i Vassregion Rogaland. Landbruksaktiviteten er svært stor i deler av regionen, ein må anta at det kan koma rimeleg store utfordringar for matproduksjonen i områda. Rogaland Bondelag deltek i referansegruppa på regionnivå og på områdenivå. For å få til gode prosessar og god kommunikasjon i næringa kan det vera hensiktsmessig at landbruket deltek meir aktivt i utarbeidinga av planen i oppfølginga av vassdirektivet. Oppretting av faggrupper innanfor spesielle sektorar kan vera nødvendig for gode resultat. Rogaland Bondelag med si kompetanse ønskjer i tillegg å delta som fullverdig medlem i regionutvalet og områdeutvala. Om det ikkje let seg gjer av formelle årsaker ønskjer Rogaland Bondelag å verta innkalla til møta med talerett.

Høring av nasjonal transportplan

Rogaland Bondelag ga inspill på første runde på høringa Nasjonal transportplan NTP 2014 – 2023:

I områder av Rogaland er det stort press på bolig og arbeidsplass etablering. Rogaland Bondelag mener at for å spre veksten til andre deler av fylket er det svært viktig med gode samferdselsårer. Transportårene både til nord fylket med Rogfast, fastlandsambandet Ryfast og opprusting av E 39 til Sør-fylket er viktige tiltak for å spre veksten ut i hele fylket.

Kollektivutbygginga må forsterkes, det må skje på en måte som ikke føre til utbyggingspress på dyrka - og dyrkbar jord.

I forbindelse med nye samferdselsprosjektprosjekt må verdien av dyrka – og dyrkbar jord som grunnlag for matproduksjon få en høyere verdi i samfunnsregnskapet når de ulike trasevalg skal gjøres enn tilfellet er i dag.

Landbruket i fylket er storforbruker av samferdselstilbudet i heile fylket. For at rammevilkåra i landbruket skal bli best mulig aksepterer næringa bruk av

bompenger som finansieringskilde på utbedringer eksisterende veier eller nye veiprojekt som blir anlagt på en måte som tar vare på dyrka og dyrkbar jord.

Fylkeslaget sitt jordvernutvalg behandlet saken før den ble oversendt til Norges Bondelag.

Frå kronetoll til % toll

Etter jordbruksavtalen vart godkjent i Stortinget juni 2012 starta eit omfattande arbeid med å få omgjort regimet på import av fleire foredla jordbruksprodukt.

Det vert importert landbruksprodukt for om lag 40 milliardar, og vi eksporterer landbruksprodukt for om lag 5 milliardar.

Kvifor importvern:

- Dei aller fleste industrialiserte land og ei rekke utviklingsland har eit importvern for å jamne ut forskjellane i kostnader i produksjon av mat.
- I vårt land er det kort vekstsesong, lange avstandar og eit høgt løns- og kostnadsnivå. Det gjer utfordringar med kostnader for matproduksjon i forhold til mange andre land.
- Slik Norge praktiserer importvernet på viktige norske landbruksvarer, vert ikkje forskjellane i kostnadane mellom Norge og eksportlanda jamna ut.
- For at norske landbruksvarer skal kunna konkurrere med importerte varer vert importen pålagt ei toll. Grensevernet er avgjerande for å sikra norsk volumproduksjon med tilstrekkeleg vern.
- I Norge importerer vi over 50 % av maten vi et. Importvernet er med å sikre norsk produksjon av matvarer som vi har grunnlag til å produsere sjøl, som til dømes mjølk, kjøt, egg, potet og grønt. Varer som ikkje vert dyrka i Norge kan importerast tollfritt.
- Sikre framtidig verdiskaping og sysselsetting i landbruks- og næringsmiddelindustri.

Stortinget gjorde vedtak på omlegging frå kronetoll til % toll i samband med

handsaminga av statsbudsjettet for 2013.

Det vert % toll på:

Biff / filet av storfe

Lammekjøt

Faste ostar som Norvegia og Jarlsberg

Rogaland Bondelag var i kontakt med NHO Rogaland, Øystein Hansen og LO Rogaland, Hallvard Ween og fekk til ein felles uttale som vart sendt statsministeren og rogalandsbanken på Stortinget.

Følgjande uttale vart sendt:

Handlingsrommet i importvernet må utnyttas

Rogaland er det største matproduksjonsfylket i landet.

Verdiskapingen i landbruket i fylket er om lag 6 milliarder kroner. Sysselsettingsmessig har næringen omfattende ringvirkningar ut over de ca 8000 personene som direkte har sitt arbeid innen landbruket. Tar en med både de som har sitt arbeid på gårdene og de som er sysselsatt med grunnlag i landbruksproduksjonen i fylket, er landbruket nest størst næring i fylket etter oljenæringen. I tillegg kommer håndverker, landbruksrelatert industri og andre bedrifter som leverer varer og tjenester til landbruket.

Norge har en kort vekstsesong, lange avstander og et generelt høyt lønns- og kostnadsnivå. Det gir store utfordringer med kostnadene for norske landbruksvarer i forhold til mange andre land. I Norge importerer vi mer enn 50 prosent av maten vi spiser.

I forbindelse med behandlingen av landbruks- og matmeldingen i vinter vedtok Stortinget at matproduksjonen i Norge skal øke i takt med befolkningsveksten. Et velfungerende importvern er en avgjørende forutsetning for å

oppnå dette. Importvernet er grunnleggende for å sikre volum, lønnsomhet og konkurransekraft i verdikjeden for mat.

Dagens tollregime ble etablert i 1995. Det gir muligheter for å bruke tollsatser enten i prosent av importverdi eller som en fast kronesats. Det praktiseres i all hovedsak med kronetoll, men både Stortinget og WTOs medlemsland vedtok ved innføringen at Norge til enhver tid kan benytte den tollsats som gir best beskyttelse. Dette er i liten grad fulgt opp. Som følge av prisutvikling over mange år og tollsatser i faste kronebeløp fungerer importvernet dårlig for en del produkter.

Viktigheten av å utnytte handlingsrommet i importvernet er framhevet av Stortinget ved behandlingen av jordbruksoppgjøret 2012. Der uttrykker flertallet at:

”Flertallet er kjent med at Norge etter gjeldende WTO-avtale har adgang til å benytte enten kronetoll eller prosenttoll for de viktigste landbruksvarene. Flertallet enig i at dette handlingsrommet må utnyttes for å sikre et velfungerende importvern også i fremtiden”.

For å sikre viktige arbeidsplasser og verdiskaping i landbruket og matindustrien i matfylket Rogaland er det behov for ulike tiltak. LO Rogaland, NHO Rogaland og Rogaland Bondelag forventer at Stortinget ved Statsbudsjettet for 2013 legger om tollvernet til å bruke enten prosenttoll eller kronetoll for å sikre et velfungerende importvern. Vi vil dessuten påpeke at konkurransekraften i verdikjeden også må styrkes gjennom kostnadsreducerende tiltak og økte budsjettoverføringer. Vi legger til grunn at matindustriens konkurransekraft ikke må reduseres som følge av endringer i tollvernet, og at hensynet til RÅK-industrien blir ivarettatt.

Organisasjonssaker

Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2012 / 2013.....	31
Distriktsmøta 2012.....	32
Kontingent for samdrift.....	32
Ledermøte 2012.....	33
Prosjekt ”Trygghet og helse i Landbruket”.....	33
Aksjonar i samband med brotet i jordbruksforhandlingane.....	34
Aktive lokallagsmidler 2012.....	34
Felles møte for styra i Vest Agder - og Rogaland Bondelag.....	35
Årsmøta i lokallaga.....	35

Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2012 / 2013

*Arbeidsplanen byggjer på strategi-
planen til Rogaland Bondelag og
er grunnfesta i visjonen:*

Eit levande landbruk

Arbeidsområda styret til Rogaland Bondelag vil prioritera:

Ramevilkåra for landbruket, styrke inntektsutviklinga og sikre rekrutte- ring til næringa

Engasjera lokallaga og gje uttale på saker som påverkar bondens inntekt og drift.

Delta i utvikling og tilrettelegging med kompetanseheving for heila landbruket.

Oppfølging av regionalplan for landbruk i Rogaland.

Arbeida aktivt ang. revideringa av gjødselsforskriftene, spreiearealkravet og innføring av vassdirektivet i fylket.

Praktisk HMS arbeid på garden

Følgja opp 0-visjonen - Ingen ulukker på min gard.

Mål om minst 20 studieringar i 2012 og minst 20 studieringar i 2013, med bakgrunn i samarbeidsavtale med Gjensidige og i samarbeid med Rogaland Bygdekvinnelag.

Areal og ressursforvaltning

Følgje opp / overvaka jordvernsituasjonen i kommunane.

Auka kompetansen i lokallaga innan planarbeid i kommunane.

Delta i samfunnsdebatten – fylgje opp info-strategien

Delta på møte i lokallaga

Følgja opp kontakten med stortingsbenken og fylkespolitikarar og delta på møte der representantar frå leiande næringsorganisasjonar møtes og ha god kontakt med media.

Skaffe seg kunnskap og kunne delta aktivt på møte der rammevilkåra for landbruket vart drøfta.

Delta aktivt i klima- og miljødebatten framover, vassdirektivet og gjødselsforskriftene

Ta aktiv del i arbeidet med utvikling av bio-gassanlegg i Rogaland

Andre tiltak knytte opp til måla i strategiplanen:

Våre medlemmer

Ta vare på medlemmer ein alt har og ha fokus på verving av bønder med produksjon, marknadsføra unge bønderpakken og følgja desse spesielt opp.

Arbeida for å få fleire kvinner som aktive medlemmer og som tillitsvalde i organisasjonen

Vere meir synlege og aktive gjennom heimesidene våre og bondebladet

Motivera lokallaga til å bidra med stoff til fylkeslaget si heimeside.

Styrkja samholdet og solidariteten i organisasjonen og innan næringa

Lokallaga

Følgja opp innhaldet i Tiltaksplan for å styrkja organisasjonsarbeidet og auka aktiviteten i lokallaga

Hjelpa til med opplegg lokallaga kan nytta i møte med lokale politikarar og andre i sitt nærmiljø

Gå aktivt ut med kurstilbod til tillitsvalde og stimulera dei til å delta

Motivera til å etablera fellesstyre mellom lokallag i ein kommune og stimulera til samarbeid mellom lokallag innan regionane i fylket

Styret skal i løpet av arbeidsåret ha to kontaktrundar med leiarane i lokallaga og vera bevisste på lokallaga sine ynskjer og utfordringar

Oppmoda lokallaga til å pleia kontakten med lokalpolitikarane og næringsavdelingane i kommunen, og søke medlemskap i lokale næringsforeiningar.

Oppmoda lokallaga til støtta opp om bygdeungdomslaget

Hjelpa lokallaga til å gjennomføra Open Gard og arbeida for at det vert Open Gardarrangement fordelt over heile fylket

Gjennomføra leiarmøte hausten 2012.

Næringspolitikk

Følgja opp saker som kjem frå enkelt-medlemmer og lokallaga

Gjennomføra tiltak som vert lagt opp frå Norges Bondelag si side

Ha eit aktivt engasjement i næringspolitiske saker opp mot Norges Bondelag

Delta på ulike næringskonferansar i fylket

Nettverksbygging

Gjennomføra tiltak i samband med Den Grøne Skulen

Oppretthalda kontakten med hjelpeprosjektet i Sambolabo i Kamerun. (Uhjelpsutvalet),

Gjennomføra ekstra kurs kokke-elevar på vidaregåandes skular i fylket

Delta aktivt i partnerskapet i NCE (Norwegian Centres for Expertise) - Nasjonalt senter for utvikling og vekst innanfor matindustriell forskning - og gjera det betre kjent hjå medlemmane, og andre aktivitetar som er på Måltidets Hus.

Støtta opp om Nei til EU ved behov

Den politiske kontakten

Ha møte med Rogalandsbenken og sentrale fylkespolitikarar

Ta direkte kontakt med politikarar på alle nivå ved behov

Nye satsingsområde - landbruksbasert næringsutvikling

Arbeida vidare med landbruksbasert næringsutvikling

Følgja opp strategiplanen for Økologisk landbruksproduksjon i Rogaland

Arealforvaltning

Hjelpe til og oppfordra lokallaga til engasjement i plan- og reguleringsaker på kommunenivå

Gå aktivt inn i ulike vernesaker som kjem opp til behandling

Samarbeidet mellom styret og administrasjonen

Foreta evaluering av arbeidsmåten og arbeidssituasjon i styret

Gi tid under styremøta til næringspolitiske diskusjonar og innspel på saker det bør arbeidast vidare med

Gjennomføra styresamling saman med dei tilsette.

Distriktsmøta 2012



Distriktsmøte på Helleland.

Våren 2012 ble det holdt distriktsmøte i Aksdal 24. januar, i Sandnes 26. januar og på Helleland 27. januar. Sentrale tema på disse møtene var aktuelle landbrukspolitiske spørsmål i sammenheng med jordbruksforhandlingene 2011 og meningsutvekslinger i forhold til dette. Det ble også diskutert aktuelle tiltak i forkant av jordbruksforhandlingene 2012 og eventuelle samordninger mellom lokallagene. Tiltak ved et eventuelt brudd i forhandlingene og forslag til aksjonstiltak ble også tatt opp på disse distriktsmøtene.

Høsten 2012 ble det holdt distriktsmøte i Aksdal 25. oktober, i Sandnes 31. oktober og på Helleland 1. november. Tema for distriktsmøtene var aktuelle saker rundt tollvernet og verdiskapning fra land-

bruket ved Ola Andreas Byrkjedal. Svein Atle Steinbru fra Gjensidige tok for seg forsikringsordninger og medlemsfordeler hos Gjensidige. Det ble videre satt fokus vervekampanjen og viktigheten rundt det å være en sterk organisasjon med mange medlemmer for å nå frem politisk. Verveansvarlige ved de ulike distriktene presenterte vervekampanjen "tørre å spørre". Viktige organisasjonssaker ble lagt frem ved Olav Sande. Verdiskapning i landbruket var her et sentralt tema. Avslutningsvis var det en gruppeoppgave der det ble summet i grupper rundt tema: "Hvilke forventninger har lokallaga til fylkesstyret og kontoret? Det ble gitt mange gode tilbakemeldinger på dette tema.

Kontingent for samdrift

Styret i Rogaland Bondelag mottok ein reaksjon frå lokallaga i Hå på kontingent for samdrifter. I brevet vart det og peikt på at det er for dyrt og vera medlem i organisasjonen, det skjer utmeldingar og det er vanskeleg å driva verving av nye medlemmar til bondelaget. For samdrifter er det ikkje maksimumskontingent slik som for enkeltmannsføretak og det kunne gje store utslag i kontingentane til samdrifter. Kontingentsatsane vert vedtekne på årsmøtet i Norges Bondelag. Styret sendte saka til styret og årsmøtet i Norges Bondelag for vidare behandling. Fylkeslaget anbefalar at det vert innført

tak på kontingent på samdrifter lik den som er på enkeltmannsføretak. Årsmøtet i Norges Bondelag endra regelverket og innførte maksimumskontingent for samdrifter lik som for enkeltmannsføretak.



Ledermøte 2012

På ledermøte 2012 møtte om lag 50 lokallagsledere og ledere fra andre organisasjoner i landbruket. Fra programmet kan en blant annet nevne omvisning på Stortinget v/Magnhild Meltveit Kleppa og omvisning i den nye mathallen i det gamle bruverkstedet Vulkan i Oslo.

Deltakerne på ledermøte fikk omvisning på de ulike avdelingene i Norges Bondelag og generalsekretær Per Skor-

ge og Org. sjef Astrid Solberg orientering om viktige saker i Norges Bondelag. Landbrukspolitikk var eit sentralt tema på ledermøtet. Leder i Norges Bondelag Nils T. Bjørke tok opp i sitt innlegg de politiske skillelinjene som er mellom de ulike partiene og konsekvenser for landbruket. Nils T. Bjørke ga også en innføring i hvordan vi kan drive politisk påvirkning. Det ble gitt en innføring i kommunikasjon og mediehåndtering v/

kommunikasjonssjef ved Norges Bondelag, Ragna Kronstad spesielt innenfor bruken av sosiale medier. Olav Sande ved Rogaland Bondelag gav avslutningsvis en gjennomgang av Verdskapningsrapporten for primærnæringa i Rogaland.

Målsettingen med å reise bort med lederne i lokallaga er blant annet for at vi skal bli bedre kjent med hverandre, få nye innpulser og skaffe nye kontakter.

Prosjekt "Trygghet og helse i Landbruket"

HMS- kampanjen "trygghet og helse i landbruket" startet opp 5. juni 2012 med Hans Huseby som leder av prosjektet. Kampanjen ble satt i verk for å sikre at et samlet landbruk samarbeider effektivt og målrettet for å løfte HMS-innsatsen og reduserer omfanget av uønska hendelser. Kampanjen ønsker å utvikle holdninger, kunnskap og motivasjon som på sikt fører til reduksjon av skader og yrkeslidelser, samt bedre kvalitet, lønnsomhet og omdømme.

Prosjektet har som delmål å arrangere 20 markdager i Rogaland. Disse ble fordelt mellom flere aktører. Rogaland Bondelag arrangerte 3 av disse og

hadde ansvaret for koordineringen av disse i fylket. Skjold Bondelag arrangerer HMS- markdag på Haugen gård i Skjold den 26. november 2012. Tema for markdagen er håndtering av store dyr og reduksjon av støveksponering i arbeidsmiljøet. Hjelmeland Bondelag arrangerte HMS markdag onsdag 21. november i Årdal samdrift. Tema for markdagen var brann og brannsikring og sikkerhet i skog. Det er planlagt kurs i Egersund tidlig 2013.

Kort om markdagene:

Markdagene skal ha en varighet på 3 timer. Det skal være omvisning på gård

og en praktisk del med registrerings-skjema, samt en teoretisk del med 1-2 av følgende tema:

- Trygg bruk av traktor
- Sikrere håndtering av stor dyr
- Brann og brannsikring
- Reduksjon av støveksponering i arbeidsmiljøet
- Reduksjon av fallfare
- Sikkerhet i skogen

Arrangørene ble gitt kontaktinformasjon til foredragsholdere til de ulike temaene. Alle utgifter ble dekket av kampanjen, samt at lokallagene får aktive lokallagsmidler for HMS- arrangement.

Aksjonar i samband med brotet i jordbruksforhandlingane

Tilbodet frå staten og avklaringar om mogleg auke i "potten" gjorde at det vart brot i jordbruksforhandlingane før reelle forhandlingar vart starta. Brotet vart kjent laurdag 12. mai.

Bondelaget og Småbrukarlaget var samde om brot.

Styret i Rogaland Bondelag er godt nøgd med aksjonsviljen frå lokallaga i samband med brotet i jordbruksforhandlingane våren 2012. Lokallaga synte sitt sinne og frustrasjon med plakatar, skrift på rundballar og andre skulpturar. Aksjonar organisert av fylkesstyremedlemmar/kontoret i Dalane, Haugalandet og Stavanger fekk stor oppslutning.

Media var svært interessert i bondelaget sin aksjonar omkring i fylket. Stort sett positiv omtale.

Brødaksjonen som var ein landsomfattande aksjon, mange butikkar omkring i fylket gjekk tomt av brød p.g.a. hamstringeffekt. I dei større byane var det ikkje så merkbart med tome brødhyller.

Sentral aksjon i Oslo, frå Rogaland deltok om lag 135 personar. Kwart lokallag ordna med reis. Stort sett alle



Andreas Lundegård og Norleif Fjellheim spikrer plakatar.

reiste med fly, reiseutgifter vart refundert frå Norges Bondelag. Kontoret burde presisert at kvart lokallag burde

utnemne reiseleiar for kjøp av billetter og andre saker omkring reisa til Oslo.

Aktive lokallagsmidler 2012

Norges Bondelag gir hvert år et beløp til fylkeslagene som skal brukes til motivasjon for økt aktivitet i lokallagene og til medlemsverving. Aktivitet som gir inntekt skal ikke bli honorert med midler. Det ble vedtatt i styret at satsene for HMS tiltak i lokallagene skulle økes

med 500 kr til 1500 kr per arrangement og at Åpen gård arrangement skulle økes med kr 3500 til 5000 kr per arrangement. Videre ble det vedtatt at noe av de aktive lokallagsmidlene skulle brukes til å dekke utgifter for lokallagslederne i forbindelse med ledermøte.

Totalt 18 lokallag sendte inn søknad for aktive lokallagsmidler og det ble utbetalt 100.400 kr. til aktivitet i lokallagene. 196.111 kr gikk til å dekke utgifter til ledermøte 2012.

Felles møte for styra i Vest Agder – og Rogaland Bondelag

For å skapa gode nabokontaktar hadde styra i dei to fylkeslaga felles styremøte og kurs 14. og 15. november på Tonstadli Misjonssenter.

Kurset var på tema Korn / Kraftfôrpolitikk. Ole Nikolai Skulberg, fagsjef på næringspolitikk i Norske Felleskjøp hadde ei god innføring i dagens politikk på området.

Felles utfordringar innan kontakt med lokallaga, politisk arbeid og rovvilt var hovudtema i diskusjonane rundt styrebordet.

Ein felles uttale frå styremøtet vart utarbeida:

Rogaland og Vest-Agder forvente ein aktiv landbrukspolitikk

Det er i gang programprosessar i alle partia for tida, og følgjande innspel vert sendt.

Landbruket har ei omfattande verdiskaping i begge fylka. I tillegg vert det skapt mange arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien og innan turisme. Ein lokal matproduksjon er derfor grunnlag for svært mange arbeidsplassar over heile distriktet.

Landbruket har gått gjennom betydelige strukturendringar dei siste åra, og har effektivisert med 6 % kvart år i 10 år. Likevel er det altfor dårlig lønns- og omsetningsvekst, det vert investert for lite og ein



Felles styremøte med Vest Agder Bondelag.

klare ikkje å produsera nok til den norske marknaden innan fleire vareslag.

Bedriftene i landbruket trengje rammevilkår som alle andre små og mellomstore bedrifter som har store investeringar bak seg. Vi vil derfor sterkt understreke at både små og store bruk er avhengig av en stabil og forutsigbar landbrukspolitikk for å kunne løysa framtidige oppgåver.

Utfordringa i norsk landbruk vert ikkje løyst med å bare legge til rette for større bruk. Norsk geografi og topografi sett ramar, og man kjem lett i ein situasjon der stordiftsulempen et opp

gevinsten. Dette kjem på toppen av en stor løns- og kostnadsvekst. Forsking og kompetanseheving i alle ledd vil gjera matproduksjonen meir effektiv uavhengig av geografi og bruksstorleik.

Norsk landbruk er ein viktig kulturbærar gjennom sin kunnskap om lokalsamfunnet, matproduksjon og ressursutnytting. Det er med ein oppegående tradisjonell matproduksjon i alle deler av landet at vi får en plattform til å fortsette å utvikle spanande nisje, sikre kortreiste produkt og utvikle regional eigenart til glede for fastbuande og turistar.

Årsmøta i lokallaga

I Rogaland har vi 42 lokallag. Dei aller fleste av lokallaga har avholdt sine årsmøte innan fristen som er 1. november. Representant frå fylkesstyret/kontor ønskjer å delta på årsmøta for å få tilbakemelding på kva som røre seg i laga og om det er saker som ein bør ta vidare.

Det vart vald 12 nye lokallagsleiarar på årsmøta i år. Nytt av året er val av verveansvarleg. Val av verveansvarleg vart tatt inn i vedtektene for Norges Bondelag på årsmøte i 2012. Vervearbeidet vert ein viktig sak for heile organisasjonen framover.

Tilbakemeldingane frå årsmøta er at det var ein meir optimistisk stemning på møta i år enn det har vore tidligare.

Andre saker

”Tørre og spørre”	36
Tur med kokkeelevar	36
Rovvilt i Rogaland.....	37
Studietur til Halden- og Morsavassdraget.....	37
Politisk arbeid – kontakt med andre organisasjonar.....	37
Møte med fylkesutvalget på Kviamarka	37

”Tørre og spørre”

Etter fleire år med vekst i medlemstalet hjå Norges Bondelag opplever ein nå nedgang i talet på medlemmar. Talet på medlemmar i vårt fylkeslag har same utviklinga. Det vart sett i gang ein verveksjon med eit mål om 62 000 medlemmar i Bondelaget. For å nå det må-

let måtte ein få 1680 nye medlemmar. Aksjonsperioden var frå 1. september og ut året. På landsplan kom det 1172 nye medlemmar, totalt 61 525 medlemmar i Norges Bondelag ved årsskifte. Rogaland Bondelag fekk ei målsetting om 175 nye medlemmar, vi klarte

å verve 106 nye medlemmar og hadde ved nyttår 6 378 medlemmar. Bra jobba i lokallaga.

Tur med kokkeelevar

Måndag 4. juni arrangerte Rogaland Bondelag saman med Kokkemesterlauget Rogaland fagdag for 32 elevar frå vg2 kokkefag og 7 lærar frå fylket sine vidaregåande skular som har desse linene. Det er tre elevar frå kvar klasse med lærar som vert invitert. Fagdagen er eit populært tilbod som vanlegvis får full oppslutnad frå alle aktuelle skular i fylket. Som fagleg styrke og inspirator var Jærkokken Heine Grov med heile dagen. Elevane møter på Jåttå vgs i Stavanger og dreg ut på gardsbesøk. Målsettinga med gardsbesøka er å visa elevane korleis norsk kvalitetsmat vert produsert, og kva arbeid som vert lagt ned for å fram produkta. Svært få av elevane har tidligare vore på besøk på eit gardsbruk med produksjon. På denne turen var vi på besøk hjå Arnstein Røyneberg som driv med mjølkeproduksjon, Sølve Salte som har økologisk eggproduksjon og Jone Wiig som synta fram grønnsakproduksjon både i veksthus og friland.



Oldermann i Kokkemesterlaget Rogaland. Anita Løyning og Ola Andreas på middag tilbereda av kokke elevar.

Etter gardsbesøka drog ein tilbake til Jåttå vgs der elevane laga ein flott bufemid-

dag til inviterte gjester som fekk ein gastronomisk oppleving laga av lokale råvarer.

Rovvilt i Rogaland

Forvaltningsplanen for rovvilt er under revisjon. Som kjent er Rogaland i sone 1 der det er sagt at dette området skal vera fritt for ynglinger av rovvilt unntaket er for kongeørn. Det har vore litt aktivitet i meldingsåret om innspel til endringar forvaltningsplanen. Me har hatt eit samarbeid med bondelag og faglag i regionen og er samde om at det vert kjørt ein felles uttale inn til Rovvilt-nemnda i dette arbeidet. Det er Sogn & Fjordane Bondelag som har vore sekretærer og Rogaland Bondelag i lag

med Rogaland Sau & Geit har kome med innspel.

Rogaland Bondelag vart på seinsomaren kontakta av leiar i Rogaland Sau & Geit angående rovvilt og tap til desse. Det vart innkalla til eit møte i desember der Bondelaget, Fellingslag i Rogaland, Fylkesmannen, SNO (Statens Naturoppsyn) og Rogaland Sau & Geit sette seg saman og fekk ein status for rovvilt i Rogaland. Småbrukarlaget var og invitert men møtte ikkje. SNO opplyste at meir og mindre sidan 2007 har det opp-

halde seg ein hannjerv(individ nr 240) i fylket. I møtet vart det samtykje om å søkje fellingsløyve for dette dyret og at fellingslaget skulle ta opp jakta. I godt samarbeid kom scooter- og fellingsløyve på plass før jul og fellingslaget vil ta til med jobben rett over nyttår. Vidare vert det gjort eit arbeid opp mot Direktoratet for Naturforvaltning (DN) for å kunna få teke ut dyret viss fellingslaget ikkje skulle klare det før lisensjakta går ut den 15. februar.

Studietur til Halden- og Morsavassdraget

I slutten av august var Per Inge Egeland og Lisa M. Breiland med på studietur til Østfold og Akershus i lag med landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen og andre interesserte der vi skulle sjå på korleis dei hadde løyst diverse utfordringar med avrenning til vassdrag. Første dag følgde vi Haldenvassdraget omtrent frå start til utløp i Oslofjorden. Vi fekk ei orientering om utfordringar og såg på korleis dette er blitt løyst samt ei syning for å sjå på erosjonsproblematikken.

Dag to hadde vi føredrag og dialogmøte hjå Fylkesmannen i Østfold om Morsaprojektet. Der fekk vi informasjon om korleis dei hadde organisert arbeidet og resultat så langt. Vidare besøkte vi ein bonde i Rygge som har inngått frivillige miljøkontrakt. Han informerte om sine erfaringar med kontraktane og korleis han hadde innretta drifta med blant anna fangdammar og redusert fosforgjødsling. Drifta var slaktegris, grøn-saker og korn.

Vi var og ein snartur innom Tomb Jordbruksskule der fjøsmeister Asbjørn Røyneberg synte oss biogassanlegget.

Det var ein fagleg god studietur og oppsummeringa på bussen attende til Gardermoen var positiv. Samanlikna med det vi såg i Østfold - er det ein god jobb og med vel så gode resultat vi får til i Rogaland og med vesentleg mindre midlar.

FM sette pris på at bondelaget var med på turen og ikkje minst det gode samarbeidet me har i lag på mange områder.

Politisk arbeid – kontakt med andre organisasjonar

Fylkeslaget ønskjer å ha god kontakt med folkevalde, både storting og fylket, fylkesmannen, fylkeskommune og andre organisasjonar innan næringsliv og samfunn. Styreleiar og org. sjef deltok på Solamøtet, dette er ein møteplass for kommunane i fylket, fylkeskommunen, næringslivet og stortingsbenken. Møtet går over to dagar og vi fekk til bod om å orientera om rogalandslanndbruket sine

utfordringar og moglegheiter for dei neste åra. Rogaland Bondelag har i meldingsåret prioritert møte med stortingsrepresentantane enkeltvis i staden for samla. Vi har hatt nyttige samtalar med representantar frå dei fleste partia både i formelle møte og i meir uformelle fora. Fylkeslaget har årlege møte med administrasjonen i fylkeskommunen blant anna i samband med innspel til jord-

bruksavtalen deltek i ulike prosjekt som fylkesmannen sett i gang. Kan her nemna prosjekt i auka produksjon innan sau og storfe.

Tidligare landbruksminister Lars Peder Brekk og nåverande landbruksminister Trygve Slagsvold Vedum har vore i møte med Rogaland Bondelag.

Møte med fylkesutvalget på Kviamarka

Samarbeidsrådet i Rogaland inviterte til politisk møte i Kviamarka mandag 3. september. Det var godt oppmøte fra fylkesutvalget og industrien i matnæringa var breidt representert. Ordfører i Hå, Mons Skrettingland ønsket velkommen til møte. Olav Sande fra Rogaland

Bondelag orienterte om aktuelle saker i landbruket i dag. Tema var blant annet tollvern, jordvern og vassdirektivet. Videre ble det gitt en orientering om Kviamarka og omvisning på Tine meieriet. Det var innslag fra ulike typer industri: kjøtt v/Terje Wester fra Fatland, Melk

v/Askild Eggebø fra Tine Sør, Korn og kraftfôr ved Ola Bekken fra Felleskjøpet Rogaland Agder og Grønt-næringa v/Kåre Wiig fra Miljøgartneriet. Det ble lagt opp til diskusjon og spørsmål etter innslagene.

Arbeid i utvala

U-landsutvalet

Dette har vært et fantastisk jubileums-år! Tenk at det var over 50 år siden Bjørn Bue startet opp dette spennende prosjektet kalt Rogalandsgarden! Landbruket i Rogaland sitt eget prosjekt lever videre i aller høyeste grad. Det er en vital og oppegående 50-åring som evner å følge med i tiden og fornyer seg stadig vekk etter behov. Vårt utviklingsprosjekt er nå i Sambolabo i Kamerun,- på grensen mot Nigeria.

Året startet med jubileumstur til Kamerun. Ole Eriksen og Terje Øen var reiseledere og sjåfører. I tillegg så skulle de altså" passe på" 10 damer fra 24 - 76 år! For mange av disse var det første tur til Afrika,- og de fleste hadde en eller annen forbindelse til arbeidet som så mange medarbeidere har vært engasjert i. For alle var dette en utrolig spennende opplevelse der mange nye inntrykk skulle absorberes. Alt fra mat til mennesker, - fra det å hente vann i brønnen, til besøk hos Lamidoer, uvannte toalettforhold, utfordrende veistrekninger (hvis en kan kalle det vei!).

Å bli mottatt på denne måten viser oss at vårt bidrag betyr enormt mye for området og menneskene som bor der! Ikke minst kvinnerettede tiltak bærer frukter,- og ingen av oss glemmer vel den faren som kom etter et kvinnemøte og fortalte at han ikke kom til å gifte vekk sin datter når hun ble 12 år, men heller ville sende henne til skole! Vi så holdingsendring og vilje til å gjøre noe selv! For oss som var der for 3 år siden viser det merkbart hvordan levestandard har bedret seg, men ikke minst har nå alle kvinnene fått etablert seg i kvinnegrupper, lært å spare og etablere egne arbeidsplasser.

Det som også var flott var å se at menn og barn også etter hvert har blitt med i disse gruppene. Vi besøkte en avsidesliggende landsby hvor de skulle starte arbeidet med brubygging dagen etter. For et arbeid de hadde lagt ned for å få tak i stein, og for en takknemlighet hele landsbyen viste da vi kom! Det er merkbart at myndighetene ved Lamibo og fylkesmenn etter hvert har engasjert seg og ikke minst bidratt selv for å bedre levekår til større områder.

Vi ser at vårt prosjekt har vært med



Therese Bue Kessel og to frå Kamerun.

på å bygge broer,- bokstavelig talt også mellom generasjoner, mellom kjønn, samt etniske og religiøse grupper. At øverste biskop i Kamerun var bedt om å delta under åpningen av prosjektets lengste bro på 35 m i et sterkt muslimsk område var et stort steg for akseptasjon mellom trosretninger.

Våre to prosjektmedarbeidere Iya Paul og Asta Pauline nyter stor respekt av lokalbefolkningen for sitt arbeid. De sørger for å holde hjulene i gang med oppfølging av ulike grupper, introduksjon og spredning av nye jordbruksteknikker, samt opplæring av komitemedlemmer og grønnsakdyrkere.

Prosjektet jobber med to former for sparing. Totalt 627.000,- kr sirkulerer gjennom sparegrupper i et distrikt på størrelse med Suldal kommune x 2. Å få oppleve å være med på flere kvinnemøter var en stor opplevelse; spesielt for dem som var med å sette i gang prosjektet i Sambolabo for 6 år siden. Det var rørende og se hvor overrasket og imponert turdeltakerne ble.

Mangel på drikkevann har vært vanskelig, og det var meget gledelig at en ny brønn nå endelig kom på plass dette året; mye takket være midler som er kommet inn fra Operasjon Dagsverk på Tveit Videregående skole!

U-landsutvalget har laget gavebrev pålydende 100,- /200,- /500,- kr til salg, samt brosjyre om fast givertje-

neste. Det ville vært til stor hjelp dersom flere ble faste givere.

U-landsutvalget har hatt 6 møter, derav 1 telefonmøte. I tillegg har enkelte medlemmer deltatt i festskrivkomite og jubileumskomite.

En flott jubileumsfest ble avholdt med over 90 gjester i oktober. Problemer med visum gjorde at våre kamerunske gjester ikke nådde frem før måneden etter. Men vi fikk kamerunsk og norsk mat, dans fra 4H og musikk fra begge land. Mange taler og hilser, til og med fra hilser fra ikke mindre enn 3 nåværende og tidligere ministre. Jubileumsskrivet var rykende ferskt fra trykkeriet og vil være en viktig dokumentasjon på den jobben som er gjort opp gjennom de 50 år.

U-landsutvalget inviterte våre to medarbeidere Asta Pauline og Iya Paul til Norge i høst. Sammen med dem kom Brigitte, kona til Iya, og Djamna Albert, den første traktorsjåføren i Kamerun. De to sist var sponsa av privatpersoner og Asta Pauline av lokale bygdekvinnelag.

Spennende var det i november da de kom til Norge i regn og kulde. Første dagene ble tilbrakt i Nord - fylket med små og store begivenheter. Takk til Ingrid Lofthus som kom fra Østlandet for å være med som tolk! I sør fylket var det også travle dager med flere bedriftsbesøk og gjensitter til gamle og nye kjente. Flott samling i Ræge Kirke og i Samfunnshuset

Info-utvalet

på Helleland fikk de med seg. Besøk hos flere melkeprodusenter ble det tid til, et traktormuseum, innom Bondevennen og Rogaland Bondelag m.m.

U-landsutvalget vil få takke alle som har vært med å bidra til innsamling, og kjøpt bøker, kr 314345 dette året. Dette gjelder de som samler inn penger, de som pynter i kirkene til høsttakke-gudstjeneste, eller de som jobbet med festskriv og jubileumsfest. Utvalget har vært synlige i media gjennom artikler i diverse tidsskrifter, kamerunsk TV, NRK, aviser og lokal tv, samt representert på ulike møter omkring i fylket. Ta gjerne kontakt om din organisasjon vil at vi skal komme og fortelle! Det er også laget en presentasjon som ligger ute på våre nettsider. Sjekk www.bondelaget.no/rogaland. Sist, men ikke minst en stor takk for innsatsen til Åse Marit Hodnefjell og Målfrid Stangeland som gikk ut av U-landsutvalet.

Vi gleder oss til nye 50 år!

*Elisabeth K. Nesheim
Leder i U-landsutvalget*

Infoutvalet er ein viktig ressurs for både styre og kontor i arbeidet med kommunikasjon ut blant våre medlemmar, politikarar og folk flest. Norges Bondelag har utarbeida ein kommunikasjonsplan og mediehandbok for hjelp i info- og kommunikasjonsarbeidet i bondelaget. Det har vore tre møter i Infoutvalet i 2012 og ein har på disse møta blant anna utarbeida eit kurs i kommunikasjon i mediehandtering, som vil bli halde den 27. februar 2013 på Måltidets Hus. Kurset er retta mot alle tillitsvalde i landbruket sine organisasjonar. Formålet med kurset er blant anna å gjer oss betre til å formidla budskapen vår på en klar og god måte. Dette kurset gir ei praktisk innføring i korleis ein vert trygg på det å snakka gjennom media og å stå framfor ei forsamling.

Infoutvalet har også arbeida med å lage videonuttar med informasjon om landbruket i Rogaland til bruk i skulen, organisering av open Gard arrangement og Rogaland Bondelag sin heimeside.

Styret i fylkeslaget har utarbeida nytt mandat for Infoutvalet:

Mandat for info-utvalet:

- Informasjonsutvalet - info-utvalet – skal vera eit fagutval under styret i

Rogaland Bondelag.

- Grunnlag for kommunikasjonsarbeidet i Rogaland Bondelager er i Strategiplan 2012 - 2020 og årleg arbeidsplan. Visjon i strategiplanen er:
- Eit levande landbruk
- Utvalet skal ha 5 medlemmar
 - Nestleiar i styret skal vera leiar i info-utvalet
 - Eit styremedlem frå fylkesstyret.
 - 3 medlemmar frå lokallag
- I saker med økonomiske konsekvensar må fylkesstyret godkjenne rama / tiltaket. Protokoll frå møta vert lagt fram for fylkesstyret til orientering.
- Info-utvalet skal årleg utarbeida mål for info arbeidet for komande arbeidsår. Viktige målgrupper er medlemmane, politikarar og folk flest.
- Info-utvalet skal oppmoda lokallaga til kommunikasjons- og infoarbeid i sine område.
- Kvart tredje år skal det arrangerast kurs for tillitsvalde i lokallaga og fylkeslaget innan informasjons- og kommunikasjonsarbeid. Info-utvalet har ansvar for program og arrangement.
- Mediahandbok utarbeidd av Norges Bondelag skal leggjast til grunn i arbeidet til info-utvalet.

Jordvernutvalet Verveutvalet

Jordvernutvalet har delteke i utforminga av to høyringar, Første innspel til Nasjonal transportplan 2014 – 2023 og høyring av Regionalplan Jæren.

På bakgrunn av innspel frå lokallag vart det inngått avtale med Odd Arild Kvaløy om bistand til lokallaga i sitt arbeid med kommuneplanarbeidet. Lokallag som nytte seg av Odd Arild Kvaløy sin kompetanse vert ikkje belasta økonomisk. Sola-, Time- og Randaberg Bondelag har betalt inn til fylkeslaget for finansiering av denne ekstra kompetansen.

Jordvernutvalet arrangerte i mars 2012 kurs innan kommuneplan og andre planprosessar i kommune og fylke. Det var 30 personar frå lokallag og andre interesserte. Innleiarane kom frå kommune, fylket, vegvesen og Fylkesmann.

Verveutvalet har hatt to møte i meldingsåret – 22. februar og 6. september. Hovudoppgåva til verveutvalet er å leggja opp strategi for vervearbeidet i fylkeslaget. Strategi for vervearbeidet i 2012 er å arbeida for same mål som i 2011.

- ”Auka medlemstalet i fylket til 6450 og medverka til å redusera utmeldingar med konkret oppfølging av desse.
- Fokus på aktive bønder og dei som er på veg inn i landbruket. Målet på sikt er 70% av dei som mottek produksjonstilskot. Men også andre med sterk tilknytning til næringa.”

Utvalet har gjennomført ein ringerundar til lokallaga i løpet av året. Utvalet skulle i haust ta kontakt med verveansvarleg i dei lokallag dette var valgt. Premieringa for nye medlemmer til lokallaga vert oppretthalde. For nye medlemmer med produksjon er premien 300 kr pr ny medlem. For personleg- og husstandsmedlem blir det utbetalt 100 kr.

Utvalet ønskjer å ha god kontakt med lokallaga og deltok difor på årsmøtet og leiarmøtet til fylkeslaget.

Oppsummering av vervearbeidet og medlemsutviklinga er omtalt lenger bak i årsmeldinga.

Styret i Rogaland Bondelag har tidlegare gått inn for at premieringa av lokallaga skulle leggjast om slik at grunnlaget for premiering ikkje berre skal vera medlemsutvikling, men og andre aktivitetar i lokallaget. Aktivitetsprisen for 2011 gjekk til Fogn Bondelag og vart delt ut på fylkesårsmøtet i mars 2012. Prisen bestod av Aktivitetsklubbe og 5.000 kr. AU saman med administrasjonen plukka ut laget som fekk prisen. Styret sende og forslag på Fogn Bondelag som kandidat til det beste lokallaget til Norges Bondelag. Laget nådde ikkje fram.

Norges Bondelag støtta arbeidet i Verveutvalet til Rogaland Bondelag med 15.000 kr i 2012.

Ressursgruppe for Ryfylke i Stavangerregionens Næringsforening

Rogaland Bondelag er medlem av Stavangerregionens Næringsforening. Foreninga har ca 20 ressursgrupper, og pr dags dato er næringa vår representert i tre av desse gruppene. Nestleiar Per Inge Egeland er representert i gruppa for Ryfylke, der han sit i lag med næringsaktørar frå heile Ryfylke, frå Sauda i nord til Forsand i sør. Dei ulike ressursgruppene finn sjølv personar til å vere med.

I juni år vart som kjend Ryfast vedteke i Stortinget, og i haust starta arbeidet opp. Ressursgruppa har vidareført arbeidet frå fjoråret. Det som dei konkret

held på med er eit framtidsstudie om korleis og kvar i Ryfylke det kan vera plass til bustadar og næringslivsaktivitet. Dei har vore i samtale med Asplan Viak som vil kunne laga ei slik studie. Ein er i tett dialog med Ryfylke IKS, og ut frå dette vil det verta arrangert ein konferanse på hausten i 2013 der dette skal leggst fram til diskusjon. Målet er her å få heile regionen til å stå saman om framtidsstudiet og som gruppa meiner er ein styrke for regionen.

Ressursgruppa har i løpet av året hatt nokre medlemmer i avgang, men

har og teke inn nye som vi meiner kan vere med å ivareta flest mulig sine interesser. Gruppa er også klar på at det vil verta eit press på areal i regionen når Ryfast er ferdig, det er allereie stor interesse i dei næraste områda. Vi ser det som ein fordel at vi er tidleg ute for ikkje å verta teken på senga.

Det er tidleg i fasen ein har best moglegheit til å endra på planar og få styre ei utvikling.

Ressursgruppe for Økologisk landbruk i Rogaland

I meldingsåret har gruppa arrangert studietur til Tyskland for å få litt fagleg påfyll. Turen hadde som tema «Frå jord til bord». Frå Rogaland Bondelag deltok nestleiar Per Inge Egeland. Gruppe var innom alle ledda i matkjeda, fri-landsgrønsaker, veksthus, mjølkeproduksjon, slaktegris, slakteri og skjerebedrift, gardsutsal, grossist og til slutt detaljist. Eit godt organisert apparat som deler av, med litt smidigheit, kan

overførast til norske forhold.

Vidare status i gruppa er at Handlingsplan for Økologisk landbruk i Rogaland skal reviderast i 2014, høyringsdokumentet kjem ventelig ut våren/sommaren 2013.

På det årlege møtet i gruppa vart det sett status for økologisk landbruk. Status er nokså stabilt med areal og produksjon dei siste åra. Den sterke effektiviseringa er ein medverkande faktor

til at omlegging til økologisk går noko tregt.

Ressursgruppa vil framleis halde på målet som for fylket som er vesentleg lågare enn Regjeringa si målsetting. Regjeringa har som målsetting 15% økologisk produksjon innan grovfôr-basert husdyrhald, i Rogaland er same målsetting 5%, i dag er under 1% av produksjonen innanfor storfe i Rogaland økologisk.

Øko-økning på Nord-Jæren

Prosjektet «Øko-økning på Nord-Jæren» har som mål å få flere offentlige virksomheter i Stavanger og Sandnes til å bruke økologiske produkter og gjøre dem mer kjent blant folk flest.

Rogaland Bondelag deltar i referansegruppa med Gette Eidesen, det har vært 2 møter i 2012.

Aktiviteter retta mot det offentlige har vært kjøkkenhagekurs, Matkurs med Unge Kokker, besøk på Ullandhaug økologiske gård for barnehager. Fagdager, matkurs, informasjon fra prosjektleder, samarbeid mellom videregående skoler og SFO'er og tiltak retta mot kantiner og sykehjem har vært gjennomført.

Publikumsarrangement

- Rosestunt: butikker, kafeer, hoteller m.m. i Stavanger som bruker økologisk mat fikk fairtrade rose og takkekort
- Økologisk marked: har vært gjennomført første lørdag i måneden fra mai til oktober på Petriplassen
- «Bare det beste er godt nok» konferanse på Måltidets hus
- Åpen Økologisk Gård
- Matløypa på Ullandhaug
- Kokken og Torsken – en blanding av utsøkt lokal og økologisk mat og tullprat med Ryfylkekokken Frode Selvaag og «livsgnisteren» Tor Øyvind Skeiseid

Markedsføring

Det har vært flere medieoppslag i løpet av året, både om prosjektets aktiviteter og nære samarbeidspartnere spesielt og om økologisk mat og landbruk generelt.

Økologisk mat er nå blitt mer synlig i butikker, i mediekampanjer etc., og forbruket øker jevnt. Vi tror at de målrettede øko-aktivitetene på Nord-Jæren også kan tilskrives litt av æren for denne interessen.

Open Gard-arrangement



26. august var den fastsette søndagen for Open Gard-arrangement i 2012. I Rogaland vart det gjennomført 2 arrangement denne dagen og ein i Bjerkreim den 25. august. På Tveit i Nedstrand var det 3. juni. Det var 23. gongen Open Gard var på skolen.

Talet på besøkande på dei ulike arrangementa var:

- Ca 5000 på Nedstrand på Tveit vidaregåande skole
- Ca 400 hjå Eva og Jan Eskeland i Stavanger
- 141 ungar med foreldre i Bjerkreim, hjå Gro Marie og Arne Austdal
- Vel 500 på Ualand, hjå Gunn Linda og Ståle Ueland



Open Gard på Ualand.

Open Gard har vorte eit fast og tradisjonelt arrangement for Bondelaget, med godt samarbeid med bygdekvinnelag 4H og andre.

Tema frå Norges Bondelag dette året var landbrukets leveransar og lokallaga vart utfordra til å visa kva landbruket bidreg med i samfunnet.

I Bjerkreim var det i samarbeid med

elveigarlaget og Barnas dag i Bjerkreimselva før gardsbesøket.

På alle gardane var det mange ulike aktivitetar og framsyning av dyr og presentasjon av landbruket.

For lokallaga som tek på seg desse arrangementa er det eit krevjande arbeid, men med over 6.000 besøkande berre her i fylket, har det utan tvil ein

stor verdi for landbruket sitt omdøme.

Rogaland Bondelag vil retta ein varm takk til dei som har teke dette på seg – både vertane som opnar tuna sine og andre som hjelper til. Vårt håper er at vi fortsett kan ha slike arrangement i fylket.

Dato for Open Gard 2013 er 26. august.

Studieforbundet næring og samfunn

I 2012 gjekk Bygdefolkets Studieforbund og Studieforbundet Populus saman i Studieforbundet næring og samfunn.

Samanslåinga var for å klara kravet om minst 40 000 studie timar som staten krev for å gje støtte.

Staten krev at det skal vera organisert med styre i fylka og det var årsmøte i juni der alle medlemsorganisasjonane var inviterte.

Frå våre organisasjonar er desse i styret:

Geir Oluf Hareland, Rogaland Bondelag, Målfrid Husebø, Rogaland Bygdekvinnelag, Marianne Osmundsen frå Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane er 1. vara.

Det var eit orienteringsmøte for lokale studieieiarar den 17. november, for å orientere om studieforbundet, men det var

få av studieieiarane i lokallaga som møtte.

Innmelding av studietiltak er enklast å gjera på nettet. Her ligg og mykje informasjon.

Gå inn på <http://www.naeringogssamfunn.no/> for å sjå tilskotsatsar, retningsliner med meir.

LHMS

Det er gjennomført ca. 300 HMS-Gårdsbesøk i fylket. Kurset Praktisk HMS arbeid på garden er har hatt 120 deltagere fordelt på 18 kurs. HMS-rådgiverne har i tillegg deltatt på lokale bondelagsmøter.

Landbrukets HMS-tjeneste (LHMS) oppfordrer de lokale bondelagene å ta kontakt med LHMS-rådgiverne til arrangementer i lokalmiljøene. De

vil gjerne bidra med informasjon om Helse, Miljø og Sikkerhet. LHMS ved Charlotte Joys er også med i prosjektgruppen "Til for bonden", som er et prosjekt med et grønt tlf. nr. som skal være et lavterskeltilbud for bønder som ligger i faresonen for Krise.

LHMS jobber på for at det skal fokuseres på Helse Miljø og Sikkerhet innenfor landbruksnæringen på en

mest mulig praktisk måte for å forebygge både ulykker, skader og yrkesrettet belastningslidelser. Det viktigste for LHMS er gode dialoger med bonden selv og samarbeid med bondeorganisasjonene.

Åkerriksa

Fylkesmannen i Rogaland arrangerer møte om åkerrikse på Statens hus 20.11.2012. Bakgrunnen for møtet er Fylkesmannens ansvar som koordinerende fylkesmann for den nasjonale handlingsplanen for åkerrikse. Handlingsplanen går inn i sitt siste år i 2013. Formålet med møtet er å gå gjennom viktige erfaringer fra hekkesesongen 2012 og å gi innspill til satsinger i 2013. Møtet fokuserte mye på informasjon og kommunikasjon primært mot landbru-

ket. Rogaland Bondelag tar del i disse møtene for at det gode samarbeidet om bruk av tilskuddsmidler mellom landbruks- og miljøsektorene ivaretas. Bondelaget har også en viktig rolle med å bidra med informasjon ut bønder. Fylkesmannen i Rogaland ønsker å utarbeide et forslag til ”mal” for informasjon om åkerrikse tilrettelagt for lokal bruk i samarbeid med Rogaland bondelag.



Agrovisjon SA

Agrovisjon er nå stiftet som et samvirkeselskap. Selskapet skal arbeide for å etablere møteplasser som bidrar til faglig og teknologiske oppdatering av landbruket i Rogaland. Selskapet skal gjennom dette ha ansvar for gjennomføring av Agrovisjon.

Dato for Agrovisjon 2013 er satt til 11.- 13. oktober. Det har foreløpig vært tre styremøter og et felles møte for alle komiteene. Markedsføringsmateriell er under utarbeidelse og noe markedsføringsmateriell ble levert ut ved Agroteknikk i Lillestrøm. Det jobbes nå med

sponsoravtaler og andre praktiske avklaringer for arrangementet. Stavanger Forum har ansvaret for tekniske gjennomføring av Agrovisjon 2013.

Frå Rogaland Bondelag er Sonja Herikstad Skårland medlem i hovedkomiteen i Agrovisjon og Ola Andreas Byrkjedal sitter som varamedlem i styret. Styrets medlemmer med unntak av varamedlemmer har gjort den formelle stiftinga av samvirkeselskapet. Det vil sendes ut et skriv når det åpnes for at flere bedrifter og organisasjoner kan slutte seg til. Styret har vedtatt at Roga-

land Bondelag ønsker å være medlem i Agrovisjon SA og at andelsinnskuddet betales inn når det er klart for andre å ta del i selskapet. Andelsinnskuddet er på kr. 10 000,- for hvert medlem. Det er mulighet for å kjøpe flere andeler i selskapet, men flere andeler gir ikke rett til mer enn en stemme på årsmøtet. Hvert medlem skal betale medlemskontingent. Kontingentens størrelse fastsettes av årsmøtet. Kontorsted for Agrovisjon SA er satt til Sandvikveien 21 i Hillevåg v/Samarbeidsrådet i Rogaland.

Skattekurset

Det årlege skattekurset for tilsette ved rekneskapskontora i fylket vart halde på Rica Maritim Hotel, Haugesund 19 kontor i Rogaland har avtale med Norges Bondelag og frå desse møte 163 personar. Rogaland Bondelag har ansvar for den tekniske delen av arrangementet, medan Norges Bondelag er ansvarleg for den faglege biten.

Årets skattekurs tok som vanleg opp dei nyaste oppdateringane av regelverket rundt skatt, avgifter og rekneskap. I år vart det fokusert på skatte- og avgiftsopplegget for 2012, pensjonsrådgjeving, ansvarlege selskap og eigedomsskatt på gardsbruk.

I frå Norges Bondelag foreleste advokat Rune Rylandsholm og rådgjevar Pål Kristian Ormstad frå Regnskap og juridisk service. Seniorskattejurist Erik Jungelin frå Skatteetatens kompetansesenter for landbruk orienterte om aktuelt frå Skatteetaten. Tema var jord-

bruksfrådrag, leiekjøring, erfaringar med eigedomsoverdragelse, samdrifter – merverdiavgift og jordbruksfrådrag.

Ekstra kursdag

Det vart i år halde to parallelle kurs under den ekstra kursdagen – i forkant av det ordinære skattekurset.

Det eine kurset hadde temaet ”Dagleg leiing av rekneskapskontoret” der Endre Jørgensen, dagleg leiar i Vekstra AS var forelesar. 12 deltakarar følgde dette kurset.

For det andre ekstrakurset var temaet ”Regnskapsførerregelverket med hovudvekt på GRFS”. Registrert revisor og autorisert regnskapsfører Karl Jakob Enger frå Abacus Økonomitjenester AS var forelesar her. 50 rekneskapsførarar var med på dette kurset.

Unge bønder

Rogaland Bondelag og Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Rogaland inviterte til kurs for unge bønder på Bryne Kro & Hotell, 5.- 6. oktober 2012. Kurset skal være en inspirerende samling for de som nettopp har overtatt gårdsbruk, og de som skal overta. Det var i alt 40 deltakere på kurset. Det ble blant annet gitt en innføring i juss, samvirke, landbruksøkonomi og HMS, samt at bønder fra ulike produksjoner fortalte om sin gård. Fredagen ble avsluttet med en trefretters middag og bondepub.

Medlemsutviklinga i fylket

Ved årsskiftet 2012/2013 var det 6.378 medlemmer i Rogaland Bondelag. Totalt er det kome til 262 nye medlemmer i løpet av året. Med ein avgang på 325 medlemmer gir det ein nedgang i medlemstalet for Rogaland Bondelag på 79 personar i løpet av 2012. Hovudgrunnane for at personane går ut av organisasjonen er av naturlege årsaker, slik som at dei har slutta i næringa, har flytta, ikkje har betalt kontingenten det siste året eller død. Noen få har meldt seg ut med å oppgi at dei er usamde i bondelaget sin politikk.

Av dei nyinnmelde personane er 94 direkte knytta til eit bruk. I tillegg er det registrert 7 nye andre foretak i medlemsregisteret.

13 lokallag hadde medlemsauke i løpet av året. Flest nye medlemmer har Time Bondelag med 24 nye. Deretter kjem Sandnes Bondelag med 18 og Gjesdal Bondelag med 16 nye medlemmer. Størst nettoauke i talet medlemmer har Rennesøy Bondelag med ein auke på 6 medlemmer.

På landsbasis hadde Norges Bondelag ein nedgang på 334 medlemmer. Ved slutten av året hadde organisasjonen 61.525 medlemmer.



Delegasjon fra Rogaland gjer seg klar for demonstrasjon i Oslo.

Personalet i Rogaland Bondelag

Olav Sande,
organisasjonssjef 100% stilling.
Marianne Osmundsen,
rådgjevar 100% stilling.
Signe Henriksen,
førstekonsulent 100% stilling.
Målfrid Husebø,
førstekonsulent 90% stilling.



Personalet på tur til Flor og Fjære.

Leiarane i lokallaga

	Leiarane 2011/2012	Leiarane 2012/2013
81101 01 Eigersund	Sigmund Slettebø	Øyvind Voilås
81101 02 Helleland	Terje Taule	Jostein Sleveland
81102 01 Sandnes	Gunn Marit S. Svihus	Bernt Palle Nærland
81102 02 Riska	Sigmund Svendsen	Sigmund Svendsen
81103 01 Stavanger	Torgeir Kinn	Torgeir Kinn
81106 01 Skåre	John Egil Frøystad	John Egil Frøystad
81111 01 Sokndal	Tron Skjefrås	Kristen Mydland
81112 01 Lund	Øyvind Steinnes	Øyvind Steinnes
81114 01 Bjerkreim	Svein Roar Tengesdal	Svein Roald Tengesdal
81119 02 Nærbø	Glenn Midttun	Terje Njærheim
81119 03 Varhaug	Ole Andreas Aarsland	Ole Andreas Aarsland
81119 04 Søre Hå	Bjørn Friestad	Bjørn Friestad
81120 01 Klepp	Jon-Arild Anda	Jon-Arild Anda
81120 02 Bore	Jan Tore Refve	Jan Tore Refve
81120 03 Orre	Sigmund Wiig	Sigmund Wiig
81121 01 Time	Arne A. Berge	Arne A. Berge
81122 01 Gjesdal	Kåre Søyland	Kåre Søyland
81124 01 Sola	Arnstein Røyneberg	Arnstein Røyneberg
81127 01 Randaberg	Helge Todnem	Helge Todnem
81129 01 Forsand	Inga Skretting	May Ann Levik
81130 01 Strand	Jarle Ravnås	Jarle Ravnås
81133 01 Hjelmeland	Jarle Mjølhus	Sven Gil Westersjø
81134 01 Suldal	Ole Martin Eikeland	Ole Martin Eikeland
81135 01 Sauda	Ola Magnar Birkeland	Ola Magnar Birkeland
81141 01 Finnøy	Per Bergøy	Per Bergøy
81141 03 Fogn	Gerd Johanne Bø	Rasmus Bø
81141 04 Sjernerøy	Torgeir Aartun	Torgeir Aartun
81141 05 Ombo	Ann-Mari Lindanger	Ann-Mari Lindanger
81142 01 Rennesøy	Guttorm Gudmestad	Guttorm Gudmestad
81144 01 Kvitsøy	Anders Nordbø	Anders Nordbø
81145 01 Bokn	Torstein Alvestad	Torstein Alvestad
81146 01 Tysvær	Svein Helge Høyvik	Svein Helge Høyvik
81149 01 Nord-Karmøy	Mats Einar Skeie	Mats Einar Skeie
81151 01 Utsira	Bjarne Austrheim	Håvard Nordvik (kontaktperson)
81154 01 Vikedal	Nils Bakkedal	Andreas Eikeland
81154 02 Sandeid	Geir Olav Larsen	Geir Olav Larsen
81154 03 Imsland	Bjarne Rønnevik	Hans Ilstad jr
81154 04 Vats	Andreas Lundegård	Jakob Eskeland
81154 05 Skjold	Kjartan Kalstveit	Kjartan Kalstveit
81159 01 Ølen	Bård Arne Lunde	Trond Haugland
81159 02 Bjoa	Ernst Grønnestad	Inga Steinsland
81159 03 Vikebygd	Jens Morten Koltveit	Reidar Nagell Bjordal

Rekneskapen 2012

Inntekter:	Budsjett 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012
Avgiftsfritt varesal		2 800,00	
Andre kursinntekter		4 950,00	
Årsmøtet, deltakaravgift a kr 1000	77 000	68 400,00	75 000,00
Årsmøtet, refusjon frå andre		34 534,00	
Leiarmøtet. deltakaravgift à kr 1000/ref andre	35 000	23 400,00	37 435,00
Aktive lokallagsmidlar	220 000	219 813,00	244 818,00
Aktive lokallagsm. overført neste år		-133 563,00	
Tilskot frå NB - Unge bønder kurs	60 000	22 000,00	67 780,50
Annonseinntekter, årsmeldinga	45 000	45 300,00	44 800,00
Tilskot til vervearbeid frå NB			
Rammebevilgning frå Norges Bondelag	828 000	815 972,00	828 000,00
Rammetilskot Fylkesleiar	283 000	278 794,00	282 900,00
Opplæringsmidlar	119 000	116 961,00	118 700,00
Refusjon kontortjeneste:			
RBK	65 000	65 000,00	65 000,00
RBU	15 000	15 000,00	15 000,00
Tilskot Samarbeidsrådet/ sponsormidler	48 000	48 000,00	48 000,00
Tilskot Samarbeidsrådet/ Regionalt samarbeid			26 850,65
Tilskot Samarbeidsrådet/ annan aktivitet			75 000,00
Støtte til Studieaktivitet		10 000,00	
Overført fra Avsatte midler BSF		3 946,26	1 128,75
Tilskot frå LUF - Kokketur	20 000	17 000,00	15 000,00
Renteinntekter	20 000	17 230,66	15 487,00
Jordvernarbeide	50 000		45 000,00
Sum inntekter	1 885 000	1 675 537,92	2 005 899,90


Utgifter:	Budsjett 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012
Lønn og sosiale utgifter - 60% stilling	300 000	295 157,50	302 069,00
Rogaland Bondelag - styret	280 000	293 527,20	395 254,78
Fylkesleiar	283 000	278 794,00	282 900,00
RB sin del av fylkesleiar's reise- budsjett	10 000	3 078,77	5 513,85
Servering møter/ driftskostnader	72 000	61 921,21	64 150,00
Ymse møte	10 000	5 677,45	1 848,00
Utvala, daggodtgj., møte- og reiseutg.	75 000	72 867,63	56 948,30
Årsmøtet	210 000	239 063,71	196 111,25
Leiarmøtet	100 000	68 700,50	272 003,50
Leiarmøtet - overført fra Aktive lokallagsmidler			-142 318,00
Leiarmøtet - overført fra avsatte Aktive lokallagsm.			-29 685,50
Distriktsmøta	27 000	25 376,70	25 388,90
Aktive lokallagsmidlar	220 000	86 150,00	244 818,00
Opplæring	119 000	122 472,90	100 475,70
Unge bønder kurs	60 000	13 164,00	74 008,50
Årsmeldinga	48 000	55 875,00	50 925,00
Representasjon		7 851,62	
Gebyr	1 000	1 027,00	
Kostnader BSF		13 946,26	1 128,75
Kostnader "Kokketur"	20 000	15 450,00	8 850,00
Støtte til I-park, Biogass		15 000,00	
Jordvernarbeide	50 000		16 500,00
Jordvernarbeide - overført til 2013			28 500,00
Sum utgifter	1 885 000	1 675 101,45	1 955 390,03


Eigendeler:	2011	2012
Bank pr. 31.12. 2012	854 259,83	833 955,45
Andeler Høgskulen Landbruk og Bygdenæring	5,00	5,00
Andeler Fagforum Mat og drikk	1,00	1,00
Andeler Nationen AS	1,00	1,00
	854 266,83	833 962,45

Eigenkapital og gjeld:	2011	2012
Eigenkapital pr. 01.01.2012	469 800,92	470 237,39
Overskot 2012	436,47	50 509,87
Eigenkapital pr. 31.12. 2012	470 237,39	520 747,26
Avsatt til Studiearbeid (BSF)(rest)	172 892,72	161 763,97
Avsatt til Aktive lokallag (rest)	211 136,72	122 951,22
Avsatt til Jordvernarbeide		28 500,00
	854 266,83	833 962,45


Stavanger, 22. januar 2013



Ola Andreas Byrkjedal



Kjell Andreas Heskstad



Sonja H. Skarland


Sonja Herikstad Skårland


Per Inge Egeland


Gette Eidesen


Liv H. Svendsen (RBK)


Liv H. Svendsen

Medlemsoversikt

	Medlemstal 31.12.2011	Ut	Inn	Medlemstal 31.12.2012	Medlemstal Bruk
Eigersund	77	6	4	74	33
Helleland	103	7	3	99	50
Sandnes	472	37	18	452	188
Riska	90	5	3	88	39
Stavanger	165	24	15	155	50
Skåre	31	2	2	31	15
Sokndal	45	2	4	47	23
Lund	90	7	4	85	38
Bjerkreim	365	12	12	362	162
Nærbø	326	15	12	321	134
Varhaug	256	10	10	254	108
Søre Hå	211	9	8	210	94
Klepp	181	11	10	176	70
Bore	102	2	4	104	51
Orre	148	9	1	141	61
Time	536	26	24	537	216
Gjesdal	302	23	16	292	115
Sola	253	12	11	251	124
Randaberg	167	3	8	172	80
Forsand	67	0	1	68	29
Strand	165	10	6	161	71
Hjelmeland	223	12	8	219	115
Suldal	262	11	4	255	142
Sauda	75	2	5	78	41
Finnøy	254	7	3	252	125
Fogn	52	3	2	51	27
Sjernarøy	69	2	1	68	31
Ombo	38	0	1	39	15
Rennesøy	243	6	13	249	114
Kvitsøy	11	0	1	12	6
Bokn	35	1	2	36	22
Tysvær	237	16	12	234	114
Karmøy	177	6	7	178	92
Utsira	2	1	0	1	1
Vikedal	62	2	2	62	33
Sandeid	89	5	4	88	42
Imsland	56	3	1	54	25
Vats	135	3	4	136	60
Skjold	130	5	5	130	55
Ølen	82	5	4	81	38
Bjoa	37	1	4	37	18
Vikebygd	36	2	3	38	18
	6457	325	262	6378	2885

RYGER ADVOKATFIRMA AS

(Tidligere Vierdal Advokatfirma AS)

TELEFON 51 91 75 00

BERGELANDSGATA 13, POSTBOKS 719, 4003 STAVANGER

FAST EIENDOM – ODELSRETT – EKSPROPRIASJON/SKJØNN – ENTREPRISE

ADV. PAUL AAKRE, ADV. FREDRIK BIE, ADV. EDLE ENDRESEN, ADV. KURT A. ELVEVOLL,
ADV. RAGNHILD PEDERSEN, ADV. KRISTIN FJELD-EIKEN, ADV. KRISTOFFER LERUM (FRA 15.5.13),
ADV. FLM. GUNNAR STOKKE, ADV. FLM. HELEN BERGESEN, ADV. FLM. TROND GEITUNG-LARSEN,
ADV. FLM. CAMILLA HAGEN, ADV. FLM. CARIANNE HOLSTEIN.

Din advokatkontakt i Nord-Rogaland

ADVOKATENE

VIKSE, HAUGLAND, BERGE OG BACHMANN

MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING - KONTORFELLESKAP

Sørhauggt. 77, (Markedet 5. etg.) Boks 10, 5501 Haugesund

www.advokateneimarkedet.no - Telefax: 52 70 87 66

**Landbruksjus, (fast eiendoms rettsforhold, odelsrett, konsesjonslov,
tomtefeste, ekspropriasjons- og bygningsrett, m.m.),
arve- og skifterett, erstatnings- og forsikringsrett,
gjeldsforhandlinger og alminnelig praksis.**

Advokat Bjørn O. Vikse

Tlf.: 52 70 87 50
Mobil: 950 42 999
vikse@advokateneimarkedet.no

Advokat Jens Otto Haugland
Møterett for Høyesterett

Tlf.: 52 70 87 55
Mobil: 901 24 723
haugland@advokateneimarkedet.no

Advokat Ole Johan Berge

Tlf.: 52 70 87 60
Mobil: 917 96 357
berge@advokateneimarkedet.no

Advokat Trond Jarle Bachmann

Tlf.: 52 70 87 57
Mobil: 916 77 877
bachmann@advokateneimarkedet.no

Jo mere vi er sammen

Alle husdyrprodusenter er små aktører i det store markedet. Men alle er sterkere når vi opptre sammen.

Nortura er det eneste landsomfattende slakteriet i Norge som eies av medlemmene. Vi er bøndernes egen bedrift.

Vårt formål er å sikre avsetning av norsk kjøtt og egg og skape verdier for eierne. Se medlem.nortura.no





SAMARBEIDSRÅDET

for landbruksorganisasjonane
i Rogaland

Sandvikvegen 21 - Postboks 278 - 4002 Stavanger
Telefon 51 88 72 70 - Telefax 51 88 02 80



Rogaland
Bondelag



Felleskjøpet
Rogaland Agder



Norsvin
Rogaland



TINE Meieriet Sør



Nortura



Høgskulen for landbruk
og bygdenæringar



Norske Potetindustrier
Jæren



Landteknikk




Rekneskapslaga på
Jæren og Dalane



Rogaland
Landbrukselskap



Skogeigarlaget
Vest



Norsk Landbruks-
rådgiving Rogaland




Rogaland
Fjørfelag



Rogaland
Pelsdyrslag



Gartnerhallen



SpareBank 1
SR-Bank



Gjensidige